



# Høgskulen på Vestlandet

## Naturfag 3, emne 4 - Masteroppgave

MGBNA550-O-2023-VÅR2-FLOWassign

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	02-05-2023 09:00 CEST	<b>Termin:</b>	2023 VÅR2
<b>Sluttdato:</b>	15-05-2023 14:00 CEST	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Masteroppgave - Bergen		
<b>Flowkode:</b>	203 MGBNA550 1 O 2023 VÅR2		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Kandidatnr.:</b>	208
---------------------	-----

### Informasjon fra deltaker

<b>Antall ord *:</b>	23913
----------------------	-------

Egenerklæring \*:  Ja

Jeg bekrefter at jeg har  Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt \*:

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/uirksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei



# MASTEROPPGÅVE

Lærarars erfaringar med uteskule på  
barnetrinnet

Primary school teachers experience with  
teaching outdoors

Sofie Hagevik Nigardsøy

MGBNA550 Naturfag 3, emne 4 - Masteroppgåve

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Yuko Kamisaka

Innleveringsdato: 30.5.2023

## Sammendrag

Denne studien tar for seg uteskule. Undervisning utanfor klasserommet handlar om å ta med elevane ut i samanheng med undervisning. I denne oppgåva er læringsutbyttet til elevane ved uteskule sett i lys av lærarars refleksjonar. Eg har gjennom spørjeundersøking og intervju tatt for meg kva opplevingar lærarar har i forhold til læringsutbyttet ved uteskule. Vidare i studien har eg også spurt om kva utfordringar lærarar opplever i planlegging og gjennomføring av undervisning utanfor klasserommet. Med dei to områdene eg har undersøkt har eg formulert to forskingsspørsmål:

1. Kva type læringsutbytte vektlegg lærarar i utforming av uteundervisning?
2. Kva utfordringar opplever lærarar i utforming og gjennomføring av uteundervisning?

Studien er en blanding av kvantitativ og kvalitativ studie der forskinga tek utgangspunkt i lærarar som underviser på barnetrinnet. Lærarane som blei spurt har også erfaring med uteskule. I spørjeundersøkinga har lærarar på ei facebookgruppe blitt spurt om deira erfaringar ved planlegging og gjennomføring av uteskule. I intervjuet har eg spurt to lærarar som underviser i naturfag på barnetrinnet om kva erfaringar dei har med uteskule.

Studien viser at lærarane frå både spørjeundersøkinga og intervjuet er positiv til bruk av uteskule og at dei opplever at elevane både er motiverte for å gjennomføre uteskule samt at dei har fleire former for læringsutbytte gjennom undervisning utanfor klasserommet. Dei opplever at elevane arbeider praktisk og er aktive i eiga læring. Samtidig viser forskinga eg har gjennomført at det er ulike utfordringar ein møter både i planlegging og gjennomføring av uteskule.

Lærarane opplever at dei kan møte på utfordringar i planlegging og gjennomføring av uteskule, men er i størst grad positiv til undervisningsforma. Det som kjem fram som er interessant er at uteskule legger til rette for konkrete erfaringar og praktiske arbeidsmåtar som legger til rette for dybdelæring.

## Abstract

This study examines outdoor teaching. Teaching outdoors is when you bring your students outside and teach subjects outside the classroom. In this assignment students learning outcome has been examined. The way I studied the learning outcome of outdoor teaching on students was by interviewing primary school teachers. I also conducted a survey. The study both examined the learning outcome of students and also the challenges of teaching outdoors. With my two main areas of study I've based my study on two research questions:

1. What type of learning outcome does teacher emphasize in outdoor schooling?
2. What type of challenges does teacher encounter in teaching outside?

The study is a mix of quantitative and qualitative methods where the research is directed towards teachers who teach primary students. The teachers were also asked what experience they have with outdoor teaching. In the survey, I used a Facebook group for outdoor teachers to reach out to participants. In the interview I asked two teachers who teach science in primary school.

The study shows that teachers both from the survey and the interviews is positive in using outdoor teaching and that they have experienced that students are motivated. They also report that there are several types of learning outcomes by teaching outdoors. The teachers experience that the students are working practical and are active in their own learning. Meanwhile study shows that there are several challenges in teaching outdoors both in planning and performing outdoor teaching.

The teachers experience that they face challenges in planning and performing outdoor teaching, but are still positive to the method. The interesting part of this study is that outdoor teaching leads to practical knowledge and hands on experience that is important to in depth learning.

## Innhold

Sammendrag .....	2
Abstract .....	3
Liste over figurar.....	6
Liste over tabellar.....	6
1. Innleiing .....	7
1.1. Bakgrunn for val av tema .....	7
1.2. Studiens formål og forskings spørsmål .....	8
1.3. Studiens oppbygging .....	9
2. Teori.....	11
2.1. Uteskule.....	11
2.2. Uteskule etter fagfornyinga .....	12
2.3. Uteskule for natur og miljøbevisste elevar .....	13
2.4. Uteskule og naturfag .....	14
2.5. Uteskule i lys av ulike læringsutbytte.....	16
2.6. Uteskule og erfaringslæring .....	20
2.7. Erfaringslæring som utgangspunkt for dybdelæring i uteskule .....	21
2.8. Utfordringar i planlegging og gjennomføring av uteskule .....	22
3. Metode .....	24
3.1. Val av metode.....	24
3.2. Framgangsmåte og informantar .....	25
3.2.1. Spørjeundersøking .....	25
3.2.2. Intervju .....	29
3.3. Analyse .....	31
3.3.1. Transkribering av intervju .....	31
3.3.2. Tematisk analyse og innhaldsanalyse av intervju .....	32
3.3.2. Koding av intervju.....	34
3.3.3. Analyse av spørjeundersøkinga.....	36
3.4. Etisk hensyn.....	37
3.5. Validitet og reliabilitet .....	38
4. Resultat.....	41
4.1. Kva type læringsutbytte vektlegg lærarar i utforming av uteundervisning? .....	41
4.1.1. Affektivt utbytte .....	41
4.1.2. Sosialt utbytte .....	43

4.1.3. Kognitivt/fagleg utbytte .....	45
4.1.2. Fysisk utbytte.....	50
4.2.....	52
Kva utfordringar opplever lærarar i utforming og gjennomføring av uteundervisning? ....	52
4.2.1.....	54
Utfordringar knytt til vær og klima .....	54
4.2.2. Utfordringar med tilrettelegging og ressursar .....	55
5. Drøfting.....	58
5.1 Kva type læringsutbytte vektlegg lærarar i utforming av uteundervisning? .....	58
5.1.1. Affektivt utbytte .....	58
5.1.2. Sosialt utbytte .....	60
5.1.3. Kognitivt/fagleg utbytte .....	62
5.1.4. Fysisk utbytte.....	65
5.2. Kva utfordringar opplever lærarar i utforming og gjennomføring av uteundervisning? .....	66
5.2.1. Været som utfordring ved bruk av uteskule .....	67
5.2.2. Utfordringar knytt til økonomi, tid og ressursar ved gjennomføring av uteskule .....	68
Metodedrøfting .....	70
6. Oppsummering.....	71
6.1 Erfaringsbasert læring som utgangspunkt for dybdelæring gjennom uteskule .....	71
6.2. Natur og miljøbevisste elevar gjennom uteskule.....	72
6.2. Utfordringar i tilrettelegging for uteskule.....	73
6.3. Avslutting og forslag til vidare forskning.....	73
Bibliografi .....	74
Vedlegg.....	75
Vedlegg 1: Informasjonsskriv til intervjudeltakerne .....	76
Vedlegg 2. Intervjuguide til lærarar: .....	80
Vedlegg 3: Spørsmål til spørreundersøking .....	82

## Liste over figurar

<i>Figur 1</i> Oversikt over deltakarar på spørjeundersøkinga. ....	26
<i>Figure 2</i> Oversikt over område deltakarane høyrer til. ....	27
<i>Figure 3</i> Oversikt over fag lærarane i spørjeundersøkinga underviste i. ....	27
<i>Figure 4</i> Oversikt over i kva fag lærarane tek i bruk uteskule. ....	28
<i>Figur 5</i> oversikt over resultat i frå spørreundersøkinga. . ....	29
<i>Figur 6</i> Utklipp frå resultat i frå spørjeundersøkinga. ....	36
<i>Figur 7</i> Resultat frå spørjeundersøkinga. ....	43
<i>Figur 8.</i> Oversikt over resultat i frå spørjeundersøking. ....	46
<i>Figur 9.</i> Oversikt over resultat i frå spørjeundersøkinga. ....	48
<i>Figur 10.</i> Oversikt over resultat i frå spørjeundersøkinga. ....	48
<i>Figur 11.</i> Oversikt over resultat frå spørjeundersøking. ....	50
<i>Figure 12</i> Oversikt over kor ofte lærarar på barnetrinnet tek i bruk uteskule. ....	52
<i>Figure 13</i> Oversikt over resultat frå spørjeundersøking. ....	53
<i>Figure 14</i> Oversikt over resultat frå spørjeundersøking. ....	53
<i>Figur 15.</i> Oversikt over resultat i frå spørjeundersøkinga. ....	56
<i>Figur 16.</i> Oversikt over resultat i frå spørjeundersøkinga. ....	56

## Liste over tabellar

<i>Tabell 1</i> Oversikt over informantar som tok del i intervju. ....	30
<i>Tabell 2</i> Beskriving av læringsutbytter. ....	32
<i>Tabell 3</i> Oversikt over analyse. Eksempel frå koding. ....	34

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunn for val av tema

Eg som har valt naturfag som masterfag i har i denne masteroppgåva tatt for meg temaet uteskule. Grunnlaget mitt for at eg valte dette temaet er fordi det gjer meg mange moglegheiter for å planlegge undervisning der eg kan ta i bruk naturen og nærmiljøet. Motivasjonen min for å fordjupe meg i uteskule som læringsarena er at eg sjølv ha sakna det i eiga opplæring. Erfaringar eg har sjølv er at skulen fremjar teori og undervisning med utgangspunkt i lærebøker og på nett. Eg sakna praktisk undervisning og følte mykje av undervisninga handla om å gjengi informasjon frå lærebøker eller arbeide med oppgåver. I naturfag opplevde eg lærestoffet som fjernt men likevel spennande, og det var favorittfaget mitt på ungdomsskulen. Sjølv stilte eg meg spørsmålet «burde ikkje naturfag ha meir natur i seg?» både i barne- og ungdomsskulen.

Som lærarstudent har eg latt meg inspirere av utflukter der vi har arbeida med til dømes artsbestemmelse og feltarbeid gjennom studiet. I tillegg har eg hatt uteskule i praksis med elever både på småtrinnet og mellomtrinnet og har opplevd kjekke dagar utanfor for klasserommet og blitt godt kjent med elevane på tur i skogen eller rundt bålet.

I praksis har eg erfart at uteskule er noko elevane opplever som kjekt, men som krev mykje planlegging. Ønsket for denne oppgåva er å bli meir kjent med uteskule slik at eg i framtida sjølv kan ta det i bruk. Samtidig ønskjer eg å fordjupe meg i temaet ettersom eg vil kunne vise til forskning om foreldre eller kollegaer spør meg om uteskule er meir enn berre turdag og kjekt for elevane. Med eit godt teoretisk grunnlag legg eg til rette for å kunne bygge gode erfaringar og utforske alle moglegheitene med å ta i bruk uteskule som arbeidsarena.

Eg har tidlegare skrive ei FOU oppgåve som såg uteskule i samanheng med bærekraft. Gjennom eit litteraturstudie tok eg for meg korleis uteskule kan brukast til å arbeide med bærekraftig utvikling som er ein av dei sentrale verdiane i læreplanen. Ein av grunnane til at eg har valt dette temaet både for FOU og master er at eg føler vi har hatt lite av det i utdanninga men samtidig i praksis har eg erfart at elevane er motiverte og arbeider godt. Måten ein kan ta med det teoretiske og gjere det praktisk, der eigne erfaringar og deltaking



står sterkt er av grunnane eg ynskjer sjølv å ta i bruk uteskule som lærar og å fordjupe meg i temaet.

Uteskule står også beskrive på Udir under læring og trivsel i skulen der det står: «Undervisning ute gir elevene mulighet til å være mer i fysisk aktivitet, jobbe kreativt, og samarbeide med andre. Ute får elevene mulighet til å bruke kroppen og sansene på en annen måte enn i klasserommet. Det er viktig å se undervisningen som foregår i klasserommet og ute i sammenheng, og hvordan det bidrar til elevenes faglige og sosiale læring og utvikling» (Udir, 2019).

Uteskule slik det står skrive på Udir er ein arbeidsarena der elevane både er meir fysisk aktive og arbeidar i saman. Viktigheita av eit fagleg fokus er også presisert da det er viktig å skape samanheng mellom det elevene arbeider med teoretisk inne i klasserommet og det dei lærer meir praktisk ute. Videre står det også «Uteskole gir mulighet til å bygge fellesskap og godt læringsmiljø på en annen måte enn i klasserommet» (Udir, 2019). Uteskule er slik det står beskrive ein arbeidsarena med mange muligheter, så derfor har eg valt og forske på dette temaet gjennom spørjeundersøking og intervju. Oppgåva sitt fokus er på læringsutbyttet til elevane og kva type utfordringar lærarar opplever ved planlegging og gjennomføring av uteskule.

## 1.2. Studiens formål og forskingsspørsmål

Målsetninga for studiet er å bidra til auka forståing av uteskule som arbeidsarena.

Problemstillinga oppgåva tek utgangspunkt i er:

Korleis gjennomfører lærarar på barnetrinnet uteskule?

Studien baserer seg på ei kvantitativ spørjeundersøking og kvalitativt intervju. Ut i frå kvalitative og kvantitative data vil eg utforske problemstillinga. For å gjere dette har eg utforma to forskingsspørsmål:

3. Kva type læringsutbytte vektlegg lærarar i utforming av uteundervisning?
4. Kva utfordringar opplever lærarar i utforming og gjennomføring av uteundervisning?

Det er mange ulike måtar ein kan gjennomføre uteskule. Basert på faglig bakgrunn og ulike arbeidsplassar har lærarar ulike måtar og praktisere uteundervisning. Formålet med oppgåva og forskings spørsmåla eg har utforma er å bidra til kunnskap på korleis undervisning utanfor klasserommet har ulike former for læringsutbytte, samt kva utfordringar ein kan møte på i planlegging og gjennomføring. I den samanheng har eg gjennomført ei spørjeundersøking med lærar på barnetrinnet, og intervju naturfagslærarar på barnetrinnet som har erfaring med uteskule.

### 1.3. Studiens oppbygging

Masteroppgåva er oppbygd på ein måte der lesaren kan følgje ein samanheng og progresjon gjennom heile oppgåva. Vidare skal eg gjere greie for studiens oppbygging, som er delt i seks kapittel. Eg vil gjere greie for hovudinnhaldet i kvart kapittel.

Kapittel 1 gjer greie for bakgrunnen til masteroppgåva, samt motivasjon og korleis problemstillinga er utforma. Eg vil ta for meg forskings spørsmåla mine som legg grunnlaget for korleis eg har gått fram i metodevala eg har gjort. Forskingss spørsmåla er med på å strukturere oppgåva der sentrale tema underliggande dei både kjem fram i teori, metode og drøftingskapittel.

I kapittel 2 tar eg for meg det teoretiske grunnlaget. Det teoretiske grunnlaget består av begrepsavklaringar, kjenneteikn og læringsteoriar. Eg vil også gjere greie for det historiske grunnlaget og trekke fram sentrale læringsteoriar. I teorikapittelet presenterer eg tema som er underliggande forskings spørsmåla mine og som seinare dannar grunnlag for drøfting.

I kapittel 3 tar eg for meg metode, som beskriver korleis eg gjekk fram når seg samla inn data. Eg beskriv også korleis eg gjorde eit utval og korleis eg gjekk fram ved analyse av data. Eg vil reiegjere for korleis eg gjekk fram i planlegging og gjennomføring av spørjeundersøking og intervju. Eg vil også ta for meg forskningsetikk som er med på å vurdere studiens kvalitet. Eg vil ta for meg dei forskningsetiske retningslinjene og korleis dei har stått sentralt for å gjennomføre studie på en hensiktsmessig og etisk måte.

Kapittel 4 beskriv funna frå studien. I resultatdelen blir desse funna lagt fram, før eg vidare i kapittel 5 diskuterer funna i lys av forskings spørsmåla. Målet er å få fram kva lærarar som har erfaring med uteskule tenker om kva moglegheiter og utfordringar som oppstår, og kva

dei vektlegg med tanke på elevanes læringsutbytte. Til slutt i kapittel 6 vil eg oppsummere resultata og kva eg har komme fram til i diskusjonen og drøfte over kva grad eg har gjort funn i forhold til problemstilling og forskingsspørsmåla mine.

## 2. Teori

### 2.1. Uteskule

Uteskule handlar om å gjennomføre undervisninga utanfor klasserommet. Å ta i bruk nærmiljøet har gjennom forskning vist seg å ha positive effektar på kognitivt læringsutbytte, sosiale relasjonar, motivasjon, motorisk utvikling og helse (Gabrielsen & Korsanger, 2018, s. 337). Ein definisjon på uteskule som har blitt brukt mykje i faglitteraturen er: «Uteskule gir rom for faglige aktiviteter, opplevelser, nysgjerrig søken, fantasi og kreativitet, fysisk aktivitet, sosialt samvær og lek. I uteskule går kroppslig aktivitet, sosial samhandling og læring hånd i hånd» (Jordet, 2010, s. 34). Både definisjonen til Jordet og forskinga gjort av Gabrielsen og Korsanger knyt uteskule til fleire områder eller aspekt innan læring.

Det er internasjonal forskning (Morag & Tal, 2012; Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015) som tar for seg læringsutbytte og kva betydning praktiske erfaringar gjennom uteskule har for til dømes motivasjon, interesse, sosiale samhandlingar, faglig læring og aktivitetsnivå. Uteskule har også blitt forska på i Norge, der ein har sett på korleis undervisning utanfor klasserommet blir utforma. Desse studiane vil bli presentert seinare i kapittelet. Ein av dei nyare studiane gjennomført i Norge blei publisert i mars 2023 der lærarar på barne og ungdomstrinnet blei spurt om kva positive og negative faktorar som påverkar tilrettelegging for undervisning utanfor klasserommet. Viktige faktorar for lærarar er at dei har nok tid disponibelt og at dei sjølve har spesiell interesse og ønskjer uteskule, samt at elevane er motiverte. Studien viser også at tid til planlegging og for korte økter er negative faktorar som hindrar dei i å gjennomføre uteskule (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 84). Den internasjonale og nasjonale forskinga knytt til uteskule vil eg gå meir inn på i dei ulike delkapittela nedanfor.

Ut i frå forskning og studiar gjort av andre vil eg ta for meg uteskule og sjå det i samanheng med læringsutbytte, fagfornyninga, kva utfordringar ein kan møte og kva argument ein har for å flytte naturfags-undervisninga utanfor klasserommet. Først vil eg ta for meg uteskule etter fagfornyninga der eg vil sjå korleis arbeidsforma står beskrive i dagens læreplan.

## 2.2. Uteskule etter fagfornyninga

I 2020 stod den norske skulen ovanfor ei endring. Gjennom kunnskapsløftet blei fornøya verdiar innført i skulen. Endringane som blei gjeldande for naturfag har kunnskapsdepartementet formulert på denne måten:

Faget skal bli mer praktisk med mindre fokus på detaljer og enkeltemner og mer vekt på opplæring ute i naturen. Faget bryter med de tradisjonelle realfagene og fokuserer på helhet og sammenheng, og vil ha et allmenndannende fokus»

(Kunnskapsdepartementet, 2018)

Etter fagfornyninga har naturopplevingar blitt implementert i fagets relevans og sentrale verdiar i læreplanen for naturfag, og står formulert: «Faget skal bidra til at elevene får naturopplevelser og et faglig grunnlag for å verne om naturressurser, bevare biologisk mangfold og bidra til en bærekraftig utvikling» (Udir, 2021).

Ut i frå det som står skrive i kunnskapsløftet og læreplanen for naturfag skal faget både vektlegge praktiske erfaringar, samt vektlegge opplæring ute i naturen. Vern av natur og naturressursar er også sentralt i naturfag.

Naturfag skal legge til rette for opplevingar i naturen der praktisk arbeid også skal vektleggast. Retningslinjene til utdanningsdirektoratet og kunnskapsdepartementet legger føringar for korleis undervisninga skal utførast. Kva elevane skal lære, altså innhaldet i undervisninga står beskrive gjennom kompetansemål for dei enkelte faga. For naturfag er nokre av kompetansemåla knytt opp mot større prosessar som til dømes økosystem og korleis biomangfaldet heng saman. I desse tilfella kan kunnskapen gjennom teori bli abstrakt for elevane og dermed vanskeleg og forstår. Uteskule er ein undervisningsform der elevane sjølve får erfaringar gjennom ein meir praktisk tilnærming (Gabrielsen & Korsanger, 2018, s. 343). Dette kan være gjennom tur i skogen, fjæra eller ved bruk av skulehagar på skulen sitt område. Mykje av lærestoffet i naturfag går det an å finne i naturen der ein kan gje elevane praktiske og konkrete erfaringar dei kan knytte til det teoretiske lærestoffet (Gabrielsen & Korsanger, 2018, s. 343).

I ein nyare studie gjennomført i Nord-Noreg har lærarar blitt bedt om å fortelle kva dei underviser i når dei gjennomfører uteskule (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023). Dei tema som blir nemnt flest gonger er plantar, artskunnskap, dyr/dyrespor og livet i fjæra.

Desse inngår alle under det overordna temaet biologi. Det er mange tema ein kan ta for seg gjennom uteskule alt etter kva type naturområde ein har tilgang på i nærheita av skulen sitt område.

Læringsutbyttet utanfor klasserommet kan omfatte både fagleg kunnskap som til dømes i biologi. I oppgåva har eg sett på korleis ein kan ha meir enn berre fagleg utbytte av uteskule. Frøyland og Remmen har gjennomført eit studie der dei ser på kva utbytte elevar har av uteskule der elevane arbeida med tema innan geologi (Frøyland & Remmen, 2019, s. 17). Forskarane observerte at elevanes engasjement gjennom uteskule var med på å skape fagleg læringsutbytte (Frøyland & Remmen, 2019, s. 67). Undervisning utanfor klasserommet kan gjennomførast innan ulike tema og i ulike områder. Slik det står ovanfor er tema knytt til biologi mykje undervist, til dømes knytt til dyr og planteliv.

### 2.3. Uteskule for natur og miljøbevisste elevar

Slik læreplanen formulerer det skal naturfag legge til rette for naturopplevingar samt bevare mangfald og bidra til bærekraftig utvikling. Gabriel og Korsanger (2018) har forska på undervisning for bærekraftig utvikling gjennom uteskule. I studien fekk barneskuleelevar undervisning for bærekraftig utvikling (UBU) gjennom besøk til lokale bedrifter. I samanheng med dette gjennomførte lærarane forarbeid til uteskule som omhandla til dømes bærekraftig matforbruk eller avfallshandtering.

Fordelen av uteskule som læringsarena kjem fram i forhold til at det skaper konkrete kunnskapar og erfaringar for elevane. Studien til Gabriel og Korsanger (2018) framhever akkurat dette. I intervju med ein lærar seier vedkommande «(...) så de må ut, med nesa i nedi det de driver med og skal forstå. Da kommer forståelsen på en helt annen måte» (Gabrielsen & Korsanger, 2018, s. 343). I tillegg til dette opplevde lærarane at uteskule hadde ein affektiv påvirkning på elevane «Det å gi gode naturopplevelser er en forferdelig viktig ting. Du kan ikke gå i gang med bærekraftig utvikling uten å gi noen gode naturopplevelser» (Gabrielsen & Korsanger, 2018, s. 343). Uteskule og opplevingar utanfor klasserommet blir trekt fram av lærarane som viktig. Det affektive handlar om haldningane

til elevane. Haldningar som i dette eksempelet blir fremja kan være i forhold til viktigheita av å ta vare på natur og nærmiljø.

Lærarar frå studiet til Gabrielsen og Korsanger (2018) trakk også fram eiga opplæring som ein faktor. Dei følte at bærekraftig utvikling var noko dei sjølv ikkje hadde hatt nok om i utdanninga (Gabrielsen & Korsanger, 2018, s. 345). Dette kan eg som lærarstudent oppleve at er under endring no, ettersom eg har jobba med tema knytt til Bærekraft både i matematikk, engelsk og naturfag. Sjølv om vi ikkje har arbeida direkte med korleis ein skal definere bærekraftig utvikling i praksissamanheng, har tema knytt til dømes FNs bærekraftsmål vært noko vi har arbeida med.

I studien til Gabrielsen og Korsanger (2018) kom dei fram til fire hovudkategoriar i forhold til korleis uteskule kan legge til rette for bærekraftig utvikling (Gabrielsen & Korsanger, 2018, ss. 341-343). Moglegheit for handling og affektiv påverknad var to av desse hovudfunna. Dette handla om korleis uteskule legg til rette for motivasjon gjennom at elevane føler dei i uteskule får meir tilknytning til lærestoffet. Ved besøk til bedrifter får dei sjå korleis ein på ulike måtar kan leve bærekraftig til dømes gjennom resirkulering og bærekraftig håndtering av mat. Meir praktisk og konkret kunnskap er også eit funn i studien om korleis fremje UBU. Arbeidet elevane gjer i forkant til uteskule handlar om å opparbeide seg teoretisk kunnskap. Når denne teoretiske kunnskapen blir satt saman med eit besøk til bedrift opplevde lærarane at elevane i større grad følte ein tilknytning til lærestoffet (Gabrielsen & Korsanger, 2018, s. 342).

#### 2.4. Uteskule og naturfag

Skulen skal altså leggje til rette for at elevar får praktiske erfaringar og fokusere på at ein gjer meir heilheit og samanheng i naturfag. Læreplanen og kunnskapsløftet legg føringar for innhaldet i skulen, men korleis ein i praksis legg til rette for praktiske erfaringar er styrt i frå lærarens autonomi. Lærarar i dagens skule står ovanfor både moglegheiter og utfordringar ettersom ein har auka metodefridom. Mykje av innhaldet for kva som skal stå sentralt i undervisninga står beskrive ovanfor, men korleis ein legg opp til dette i praksis er lærarens ansvar. Å gje elevar praktiske erfaringar kan i stor grad skje både innanfor og utanfor klasserommet (Kolstø, Thorsheim, & Andresen, 2016, s. 42). Læraren vel sjølv om planters

oppbygging blir studert gjennom luper inne i klasserommet eller ved at elevane går rundt i skogen leiter etter og studerer plantane ute.

I ein heilt fersk studie publisert i mars 2023 har nettopp lærarperspektivet blitt forska på. Denne studien blei gjennomført i Nord-Norge og har sett på positive faktorar som styrker bruk av uteskule samt utfordringar ved planlegging og gjennomføring av uteskule.

Killengreen, Lundberg, Jensvoll og Höper (2023) har sett på kva positive og negative faktorar lærarane opplever ved naturfagundervisning utanfor klasserommet gjennom intervju og spørjeundersøkingar. Dei trekk fram korleis tidlegare forskning i stor grad fokuserer på positive faktorar som til dømes sosialt utbytte i form av samarbeid og auka sjølvtilitt, motiverte elevar og gode relasjonar mellom lærar og elev. Positive påverknadar lærarar reflekterte over var, og som var med på å styrke bruken av uteskule, var til dømes at elevane sjølve var positive og ønska uteskule. I tillegg meinte lærarane at tilgang på eigna områder også var ein viktig faktor som har mykje å seie for bruk av uteskule.

I England har nokre skular tatt i bruk skulehagar i utforming av uteskule, der dei såg på læringsutbyttet til elevar i barneskulen. I skulehagane var det fokus på dyrking av ulike planter, og forskarane såg positive effektar hos elevane. Blant anna såg ein at dei elevane som sleit teoretisk likte denne arbeidsforma (Passy, 2020, kap.15, avsn.2). Passy har tatt for seg læring både sosialt, affektivt, fagleg og fysisk i si forskning på skulehagar. Resultata av slike skulehagar var at elevane opplevde det motiverande å kunne ta meir eigarskap til det dei lærde, og med denne motivasjonen blei elevane meir sjølvstendige og sjølvsikre (Passy, 2020, kap.15, avsn.2). På same måte som studien til Killengren (et al.) har forskinga gjennomført i England trekt fram positive og negative faktorar ved bruk av uteskule. Motiverte elevar som ønska meir variert og praktisk undervisning var blant dei positive funna.

Til tross for at elevane var motiverte for uteundervisning, opplevde lærarane som blei spurt i studien gjennomført i England (Passy, 2020, kap.15, avsn.2) at leiinga ved skulen og kva som var «normalen» i stor grad påverka deira metodeval. Forutsetninga for å ta i bruk uteskule eller utehagar i dette tilfellet var at lærarane sjølve måtte ha stor indre driv og motivasjon for å bruke den tida nødvendig for planlegging og gjennomføring. Felles for



studia ser ein at lærarars egne interesser er viktige pådrivarar for om uteskule blir brukt. Kunnskapar om til dømes artar samt erfaring med å være ute blir dratt fram både i studien gjennomført i England og i Nord-Norge.

## 2.5. Uteskule i lys av ulike læringsutbytte.

Frøyland og Remmen (2019) har skrivt ei bok «Utvidet klasserom i naturfag» som tar for seg eit studie gjennomført der dei har samanlikna naturfag gjennomført i uteskule i ein 2.klasse på barnetrinnet og ein 2.klasse på vidaregåande. Begge klassane fekk undervisning i geologi (Frøyland & Remmen, 2019, s. 17) og skulle bestemme bergartar. I denne studien blei det forska på læringsutbytte til elevane og gjort samanlikningar mellom dei to klassane.

Denne oppgåva tek for seg uteskule i lys av Frøyland og Remmen sine fire læringsutbyttekategoriar (2019, s. 48) som dei har brukt i sin studie på uteskule i naturfag. I følgjande avsnitt vil eg ta for meg læringsutbytte både *affektivt, sosialt, kognitivt og fysisk*, og ta utgangspunkt i Frøyland og Remmen. Det er også andre forskarar som har tatt for seg desse aspekta og eg vil ta med nokre eksempel frå dei også.

Studiane som er brukt til å forklare dei fire aspekta til Frøyland og Remmen er henta frå Sverige og Israel. Begge studiane har tatt for seg dei fire læringsaspekta. Studien i Sverige blei gjennomført i 2015 der skogen har blitt tatt i bruk som læringsarena. Dei gjennomførte lærarintervju og observasjonar.

I Israel (Morag & Tal, 2012) har forskarar sett på ekskursjonar gjennomført sentralt i midtre delar av Israel og nord i Israel. Ekskursjonane var lagt til naturområde eller arkeologiske museum. Den skulen som er lokalisert nord i landet har større grad av midlar og økonomiske fordelar samanlikna med skulen midt i landet. Elevane som deltok i studien gjekk i 4.-6.trinn og var i alderen 9 til 12 år. Studien fokuserte på elevanes refleksjonar ved at det blei gjennomført observasjonar og elevintervju. I tillegg gjennomførte dei intervju med lærarane som var med på kasseturane, sjølv om dei ikkje var ansvarlege for undervisningsopplegget ettersom til dømes museet stilte med opplegg. Lærarane sine refleksjonar var rundt læringsutbyttet til elevane.

Den siste studien eg har sett på resultata frå er gjennomført i Nord-Norge og blei publisert i mars 2023 (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023). Studien tar for seg naturfag gjennom uteskule og har sett på lærarar refleksjonar om kva som er faktorar som fremjar bruk av undervisningsforma, og kva som er utfordrande faktorar. Det som blei sett på som fremmande faktorar for uteskule blir presentert under kognitivt utbytte, medan utfordringar kjem eg meir inn på i delkapittel 2.6.

Det første aspektet innan læring eg skal ta for meg er knytt til det affektive læringsutbytte. Følelsar som til dømes meistring og motivasjon er med på å beskrive det affektive. Frøyland og Remmen (2019, s. 32) skriv at det affektive handlar om kjensler og interesser. Frøyland og Remmen viser til studiar gjort av andre forskarar i sine forklaringar. Ein av forskingane dei referer til er gjennomført av Morag og Tal i 2012. Dei koplår også affektiv til kjensler som sjølvsikkerheit og evne til å være sjølvstendig. I studien dei gjennomførte opplevde dei at elevane som svarte på elevintervju opplevde kjensler av å være motivert og positive til uteskule (Morag & Tal, 2012, s. 772). Studien dei gjennomførte blei gjort i Israel, både på skular i Nord og sentralt i landet. Det dei såg i studien som dei gjennomførte er at elevane nord i landet var i større grad positiv til uteskule ettersom dei hadde meir ressursar og større tilgang på uteområder. Midt i landet var det fleire fattige som ikkje hadde tilgang på ressursar eller områder å ta i bruk (Morag & Tal, 2012, s. 770).

Frøyland og Remmen (2019, ss. 48-49) beskriv det affektive utbytte som noko som oppstår i stor grad uplanlagt der elevane opplever kjensler ut i frå dei situasjonane som oppstår. Desse kjenslene kan igjen være med på å skape positive følelsar til naturfag som kan gje elevane lyst til å lære enda meir. I studien frå Nord-Norge blei lærarane bedt om å fortelle om kva faktorar som var fremmande og utfordrande i tilrettelegging av uteskule. Dei faktorane som blei nemnt flest gonger og som fremja bruk av uteskule var elevanes og lærarens eigen motivasjon. At elevar er motiverte for uteskule er ein av grunnane til at lærarar ønskjer å ta i bruk uteskule (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 84). I intervju dei gjennomførte med lærarar svarte ein «Praktisk arbeid er inspirerende for elevene. De liker også å komme seg ut av klasserommet» (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 85). I studiane presentert ovanfor har elevane positive haldningar ovanfor

uteskule, som er viktig både for deira læringsutbytte og for at lærarar skal ynskje å planlegge og gjennomføre uteskule.

Sosialt læringsutbytte tar for seg ulike sosiale aspekt som er viktig for elevanes utvikling. Frøyland og Remmen (2019, s. 48) oppsummerer sosialt læringsutbytte til at elevane tek i bruk samarbeid til utvikle sosiale ferdigheiter. I studien gjennomført i Sverige reflekterer lærarane over at sosiale og affektive faktorar er med på å styrke det kognitive utbyttet (Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015, s. 227). Dei meiner altså at ved at elevane er motiverte samtidig som dei samarbeider og bruker sosiale ferdigheiter så kan dette ha noko å seie for det kognitive utbyttet.

Elevane i Israel (Morag & Tal, 2012) gjennomførte undervisning på museum og i naturområde. Lærarane som blei intervjuet etterkant reflekterte rundt læringsutbyttet til elevane. I forhold til det sosiale utbyttet til elevane svarte ein av lærarane at læring der elevane må ta ei aktiv rolle krev sosiale interaksjonar (Morag & Tal, 2012, s. 763). Ein må ta i bruk sosiale ferdigheiter både gjennom samarbeid med klassekameratar men også for å kunne løyse aktivitetane. Ut i frå korleis studiane over beskriver det må ein altså ta i bruk sosiale ferdigheiter og sosial kompetanse i praktisk undervisning. Frøyland og Remmen (2019, s. 48) sin definisjon av sosialt utbytte får fram at det er viktig å legge til rette for oppgåver der elevane samarbeider og at ein gjennom uteskule kan endre måten elevane arbeider på som igjen kan styrke sosial kompetanse.

Det tredje utbyttet Frøyland og Remmen har inkludert i si forskning er kognitivt læringsutbytte som eg har valt å kalle kognitivt/fagleg utbytte. I sin definisjon står det: «Elevene får bedre forståelse for kunnskap og ferdigheter, og er i bedre stand til å gjenkalle kunnskap» (Frøyland & Remmen, 2019, s. 48). Dette vil seie at den kunnskapen elevar tileignar seg er i mindre grad i den forma der dei gjenkaller informasjon til dømes frå lærebøker. Gjennom uteskule kan elevar arbeide meir praktisk og ut i frå egne erfaringar som kan gje dei grunnlag for å ta større eigarskap til kunnskapen. I desse tilfella vil ikkje elevane gjengi informasjon slik den står skrive av andre men i større grad ha eigen kunnskap å ta utgangspunkt i.

Forskarane i Sverige lot lærarane reflektere over kva kognitive læringsutbytte dei opplevde at elevane satt igjen med etter uteskule. Dei trakk fram ulike element som praktisk kunnskap og dybdelæring, og snakka samtidig om korleis uteskule legg til rette for at elevane sjølv må ta større ansvar for eiga læring. Eksempelvis trekk dei fram korleis elevane i samarbeidsoppgåver kan måtte ta ansvar for ulike områder (Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015, s. 227).

Korleis lærarar i planlegginga legg til rette for uteskule har noko å seie for det faglege og kognitive utbyttet. I studien gjennomført i Nord-Norge (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023) såg dei blant anna på kva tema som blir undervist gjennom uteskule. Forskarane var ute etter å kartlegge naturfag gjennom uteskule og sorterte tema som blei nemnt etter kva som blei mest og minst fremja. Temaet som tydeleg stod sterkast var knytta til biologi. Over 40% av lærarane svarte at dei underviser biologi gjennom uteskule (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 83). Andre tema som blir nemnt er fysikk, teknologi og bærekraft, men i betydeleg mindre grad. I studien blei også lærarar intervjuja der dei blei spurt om faktorar som bidrog positivt til at dei ynskja å gjennomføre uteskule.

Ein viktig faktor fleire av dei spurde trakk fram var eigen motivasjon for undervisningsforma. Lærarane opplevde at planleggingsarbeidet til tider er omfattande ettersom ein ikkje kan følge lærebøker eller ferdiglagde opplegg (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 85). Lærarane fortalte også om korleis elevane sitt ønske om uteskule og at dei i stor grad er positive til undervisninga også var ein styrkande faktor for å ville gjennomføre uteskule.

Det siste læringsutbyttet som er inkludert i denne oppgåva er det fysiske læringsutbyttet er ein av dei fire læringsutbytta og handlar om korleis ein kan bidra til elevane sin fysikk. Frøyland og Remmen (2019, s. 48) omtalar fysisk utbytte ved bruk av uteskule som noko som kan bidra til fysisk helse gjennom aktivitet. Dette kan handle om utfoldelse i terreng der ein må ta i bruk kroppen for å komme seg fram. I studien gjennomført i Israel (Morag & Tal, 2012) var det berre ein skule som deltok på studien som svarte på at dei opplevde høg grad av aktivitet. Dei opplevde også at observatørane såg meir nivå av fysisk aktivitet enn kva elevane sjølve opplevde (Morag & Tal, 2012, s. 768). Dette peika forskarane på kunne være

fordi ein har ulike standardar til kva høgt nivå av fysisk aktivitet vil seie. I nokre former for uteskule må ein ta i bruk kroppen for å komme seg frå A til B, og samtidig kan ein ta i bruk naturen både i undervisninga og mellom øktene. I andre former som til dømes museumsbesøk er ein gjerne mindre fysisk aktiv.

Forskarar i Sverige har også tatt for seg fysisk utbytte når dei diskuterer korleis elever har blitt oppfordra til å være i fysisk aktivitet både gjennom forflytningar, sjølv aktivitetane dei gjennomfører og mellom aktivitetane (Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015, s. 226). Lærarane dei observerte gjennomførte rebusløyper der elevane måtte være i aktivitet samtidig som dei skulle arbeide med faglege oppgåver og spørsmål (Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015, s. 222). Det finst mange ulike måtar å utforme og gjennomføre uteskule på som krev ulik grad av fysisk aktivitet. I Israel (Morag & Tal, 2012) var undervisninga utanfor klasserommet mest retta mot museum og naturområder. Desse formene for uteskule krevjer gjerne mindre fysisk aktivitet enn i eksempelet frå Sverige der elevane var på tur og hadde rebusløp. Dei erfaringane eg har i frå praksis er i tråd med korleis uteskule blei gjennomført i studien gjort i Sverige. Uteskule varierer mellom turar i fjæra for å sjå på artar eller tur i skog og mark. Uteskule kan også være enkelttimar der ein er på skulen sitt område og arbeider med oppgåver i ulike fag.

## 2.6. Uteskule og erfaringslæring

John Dewey er kjent for sitt utsagn om «learning by doing and reflection» (Dewey, 2001) som oversatt blir læring gjennom handling og refleksjon. Dewey hadde også sterkt fokus på korleis sinn og kropp heng saman og at utdanning mange gonger gløymer viktigheita av å sjå desse to i saman. Kroppen og sinnet er i følge Dewey nødvendig og ta med i læringsprosessane i staden for å ha for stort fokus på ro og stillheit i undervisninga (Dewey, 2001, s. 55). Slik som Dewey beskriv det er det med å ta i bruk kroppane og være i aktivitet ein viktig del av kvardagen til elevane og dermed noko ein bør ta med seg i planleggingsarbeidet. Erfaringsbasert læring er noko Kolstø et al. (2016, s. 243) har sett på i forskning på naturfagsundervisning. Dei ser samanhengar mellom erfaringsbasert læring og naturfag og forklarar korleis naturfag dreier seg om den fysiske verden og dermed eignar naturfag seg godt for å arbeide på måtar der elevane får erfaringar (Kolstø, Thorsheim, & Andresen, 2016, s. 243).

Dewey skriv i boka si «om utdanning» om korleis refleksjon er viktig for bearbeiding av dei opplevingane ein har, då til dømes gjennom prøving og feiling. Erfaringar vi opparbeider oss blir tatt i bruk seinare og reflektert over for å gje meining til nye erfaringar vi gjer oss (Dewey, 2001, s. 61). Samansett konkluderer Dewey med at dei erfaringane vi har frå tidligare saman med dei erfaringane vi gjer oss er viktige i å kunne reflektere over for å skape meining. Til saman gjer desse refleksjonane oss grunnlaget for å kunne ta fatt på framtida (Dewey, 2001, ss. 65-66). Ut i frå Dewey sine handling og erfaringsbaserte pedagogikk handlar utdanning om å gje elevar gode erfaringar, og dette argumenterer Kolstø et al. for at godt eignar seg i naturfag. Gjennom uteskule kan elevane få utforske og gjere seg erfaringar som ein kan vidare arbeide med både utanfor og i klasserommet. Desse erfaringane elevane gjer seg kan føre til at dei tek større eigarskap til fagstoffet, og kan brukast ved seinare anledningar for å knytte teoretisk innhald til elevanes eigne erfaringar.

### 2.7. Erfaringslæring som utgangspunkt for dybdelæring i uteskule.

Slik det står beskrive i delkapittelet ovanfor kan ein gjennom praktisk tilnærming og undervisning som er knytt til elevanes erfaringar legge til rette for læring og kompetanse. Dybdelæring er ein læringsprosess som har vakse meir fram i lyset dei seinare åra og blir av utdanningsdirektoratet omtalt som : «det å gradvis utvikle kunnskap og varig forståelse av begreper, metoder og sammenhenger i fag og mellom fagområder.» (Udir, 2019). Sentralt for dybdelæring er at læringa tar for seg tema som går på tvers av fag, og at elevane blir i stand til å analysere og løyse problemstillingar samt reflektere over eiga læring (Frøyland & Remmen, 2019, s. 59). På lik linje som ved erfaringsbasert læring er ein viktig forutsetning for dybdelæring at elevane tek aktiv rolle i undervisninga. På same måte som Deweys «learning by doing and reflection» handlar dybdelæringsprosessar om at elevane skal sjå samanhengar i erfaringar dei gjer seg der refleksjonar rundt desse samanhengane.

Slik Frøyland og Remmen (2019, s. 60) beskriv det er det viktig at elevane blir engasjerte gjennom autentiske praksisar og reflekterer over eiga læring. I boka «Erfaringsbasert læring» (Kolstø, Thorsheim, & Andresen, 2016, s. 9) skriv forfattarane at dybdelæring blir fremma når elevane deltar i aktivitetar som innebær refleksjon og dialog knytt til eigne erfaringar. Forfattarane er også opptatt av at dybdelæring skjer i samanhengar der elevane er aktive

gjennom observasjonar og opplevingar (Kolstø, Thorsheim, & Andresen, 2016, s. 11). Dybdelæring står også beskrive i den overordna delen av læreplanen under prinsipper for læring, utvikling og danning. Der står det «Skolen skal gi rom for dybdelæring slik at elevene utvikler forståelse av sentrale elementer og sammenhenger innenfor et fag, og slik at de lærer å bruke faglige kunnskaper og ferdigheter i kjente og ukjente sammenhenger» (Udir, 2021). I følge læreplanen skal altså elevane opparbeide seg ferdigheiter i kjente og ukjente samanhengar. At elevane skal arbeide med ferdigheiter i kjente og ukjente samanhengar kan handle om å både arbeide i lærebøker med teori i klasserommet og også arbeide meir praktisk utanfor klasserommet.

I boka «Utvidet klasserom i naturfag» av Frøyland og Remmen (2019) har dei forska på uteskule og naturfag i en 2.klasse på barnetrinnet og en 2.klasse lærar på vgs. Begge lærarane tok i bruk undervisning om geologi, og studiet sitt formål var å sjå på læringsutbyttet til elevane. Studiet viser til at dybdelæringsprosessar lar seg utførast gjennom uteskule i lik grad som i tradisjonell klasseromsundervisning. Kjenneteikn dei såg etter for dybdelæring var at elevane kunne reflektere over kunnskap som ikkje var gjengitt etter til dømes boka, samt at dei reflekterte over egne erfaringar når dei svarte på spørsmål frå læraren. I studiet til Frøyland og Remmen var det geologi som var utgangspunktet når dei såg etter kjenneteikn for dybdelæring men mykje av kjenneteikna til dybdelæring deriblant problemløysing og utforskning står også beskrive i Udir sin beskriving av uteskule: «Ute kan opplæringen være praktisk, utforskende og aktiv» (Udir, 2019).

## 2.8. Utfordringar i planlegging og gjennomføring av uteskule

Sjølv om det er mange gode argumenter til kvifor ein burde flytte undervisninga ut og ta i bruk uteskule som arbeidsarena, så er det også fleire utfordringar i planlegging og gjennomføring av uteskule. Blant utfordringane lærarar opplever er været, meir planlegging og tilpassing av timeplan nokre av dei. Frøyland og Remmen (2019, s. 33) kartla i sin studie at noko av det lærarane opplever som utfordrande er at dei ikkje føler dei har støtte frå leiinga når det gjelder nok tid til å gjennomføre uteskule. Dette har også den ferske studien gjennomført i Nord-Norge peikt på at lærarane opplever som utfordrande. Tid til planlegging samt for korte undervisningsøkter var dei to faktorane lærarane opplevde som mest utfordrande ved planlegging og gjennomføring (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, &

Höper, 2023, s. 84). En annen faktor som blei trekt fram av studien gjennomført i Nord-Norge var været. Lærarane i studien svarte at dei opplevde været som utfordrande fordi det ikkje var lett å arbeide med kompetansemåla ut i frå vinter årstidene. Dei følte at det som best passa seg til uteskule var tema som handla om biologi, det plante og dyreliv er sentralt (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 88)



### 3. Metode

Hensikten med metoddelen er å gjere reie for val av metode som er brukt i datainnsamlinga og korleis eg gjekk fram for å innhente, organisere og analysere datamaterialet. For å svare på forskingsspørsmåla mine har eg i hovudsak valt å basere forskinga mi på ein kvalitativ forskingsmetode gjennom intervju, i tillegg til kvantitativ tilnærming gjennom bruk av spørjeundersøking. I metodekapittelet vil det blitt gjort reie for kvifor eg har valt å ta i bruk intervju og spørjeundersøking samt sjølve gjennomføringa og korleis eg gjekk fram i vidare analyse og tolkingsarbeid. Begrunning av val av metode er i all hovudsak at metoden bidrar til å besvare forskingsspørsmåla og formålet med masteroppgåva.

#### 3.1. Val av metode

Metoden brukt i studiet har både ein kvalitativ og kvantitativ tilnærming, der det kvalitative intervjuet er vektlagt. Forskingsdesignet som studien benytter seg av blir på engelsk blir omtalt som «mixed methods» som Postholm og Jacobsen (2018, s. 236) kallar triangulering, der kombinasjonen av ulike datainnsamlinger blir brukt. Metodetriangulering handlar om å benytte fleire kjelder for å få fleire perspektiv på det ein ønskjer å belyse. Ved bruk av både kvalitative og kvantitative data får ein tilgang på ulike typar data. Dei kvantitative gjer eit større overblikk på kva fleire personar tenker om same saka (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 165), Medan kvalitative data gjer meir detaljerte og konkrete svar der forskingsdeltakarane er mindre låst til svaralternativa som forskaren har utforma.

I eit forskingsintervju er intensjonen å utvikle kunnskap knytt til ein bestemt tematikk (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 117). Formålet med studiet mitt er å utvikle ein større forståing for korleis uteskule blir praktisert. Ved gjennomføring av intervju vil eg få innblikk i lærarars tankar og erfaringar rundt utforming og gjennomføring av uteskule. Korleis lærarar praktiserer uteundervisning varierer ettersom lærarane har ulik opplæring og utgangspunkt for å ta det i bruk. For å få fram lærarars synspunkt fant eg det hensiktsmessig å ta i bruk intervju. I følge Postholm og Jacobsen (2018, s. 121) blir intervju brukt med målsetning om å få fram deltakarane sine perspektiv, der det er ein kontinuerleg kunnskapskonstruksjon mellom intervjuaren og den som blir intervjuet.

Intervjuet som blei gjennomført kan klassifiserast som ein blanding av strukturert og semi-strukturert intervju. Det som kjenneteiknar strukturerte intervju er at ein har alle spørsmål klare på forhånd og stiller spørsmål på ein kronologisk og kontrollert måte (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 120). Semistrukturerte intervju er meir «samtale aktige» der intervjuaren i mindre grad er opptatt av å stille spørsmåla kronologisk og at ein fører ei samtale der ein stiller spørsmåla meir ettersom dei passer inn i samtala.

Intervjua eg gjennomførte hadde ein strukturert oppbygging ettersom eg stilte spørsmåla kronologisk og hadde klare spørsmål forberedt på forhånd. Samtidig var eg open for å ha samtale mellom spørsmåla, og om informantane snakka om tema eg tenkte var lurt å ta med stilte eg oppfølgingsspørsmål om det dei snakka om. Dette vil eg komme vidare inn på i framgangsmåte og informantar (3.2.2.). Som tidlegare nemnt er metoden eg har valt en «mixed methods» eller triangulering som i følge Postholm og Jacobsen (2018, s. 236) handlar om å inkludere fleire datakjelder. I delkapittelet under vil eg gå meir inn på korleis eg gjekk fram og beskrive korleis eg innhenta informantar, da både til spørjeundersøking og intervjua. Eg vil også ta for meg kva spørsmål og tema eg tok for meg samt vidare arbeid med analysering.

## 3.2. Framgangsmåte og informantar

### 3.2.1. Spørjeundersøking


For å samle inn data til oppgåva opplevde eg det som hensiktsmessig og gjennomføre spørjeundersøking. Kvantitativ spørjeundersøking vart brukt i studien saman med intervju for å gje meir breidde til resultata. I følge Postholm og Jacobsen (2018, s. 165) er kvantitativ metode ein måte å gjere det mogleg å sjå på fleire og gå breitt ut i innsamling av data.

Spørjeundersøkinga (vedlegg 3) hadde to delar, der den første delen hadde spørsmål relatert til kor ofte og kvar lærarane tek i bruk uteskule, samt kva fag dei tek i bruk og kor dei hentar inspirasjon når dei planlegg uteskuleundervisning. Del to hadde påstandar der lærarane kunne svare svært einig, einig, verken eller, ueinig, eller svært ueinig. Desse påstandane blei utgangspunktet for arbeidet i analyseprosessen. Digital spørjeundersøking blei lagt på SurveyExact fordi dette er anbefalt av HVL. SurveyExact tek hensyn til personvern ved at dei

passar på å ikkje lagre noko informasjon som til dømes ip-adresser for datamaskinene som blei brukt til å gjennomføre undersøkinga.

Lenkje til spørjeundersøkinga blei sendt ut på ei facebookgruppe for lærarar som tek i bruk uteskule, og det var totalt 32 stykk som har gjennomført og svart på alle spørsmåla. Figur 1 viser ein oversikt over kva trinn dei lærarane som svarte underviser på. Den største andelen av lærarane underviser på dei minste trinna, men det var også lærarar frå alle trinn som svarte på undersøkinga.

#### Kva trinn underviser du?



Figur 1 Oversikt over deltakarar på spørjeundersøkinga. Tabellen viser at det er flest som underviser på 1.trinn (44%), 34% på 2.trinn, 28% 3.trinn, 31% 4.trinn, 13% 5.trinn, 10% 6. trinn og 22% 7.trinn.

Figur 2 viser at deltakarane på spørjeundersøkinga kom frå heile landet, men dei fleste representerer i Austlandet.

## Kvar underviser du?




Figure 2 Oversikt over område deltakarane høyrer til. Flest lærarar som svarte underviser på Austlandet (38%), 22% på Vestlandet, 19% i midt-Norge, 13% i Nord-Norge og 9% på Sørlandet.

Deltakarane på spørjeundersøkinga representerer altså alle trinna på barneskulen og alle områder i landet. I tillegg spurte eg lærarane kva fag dei underviser i (figur 3) og i kva fag dei tek i bruk uteskule. På undersøkinga kunne dei trykke for fleire alternativ ettersom kvar enkelt lærar underviser i forskjellige fag. Som ein kan sjå ut i frå figur 3 og 4 underviser lærarane i mange forskjellige fag der alle er representert både i generell undervisning og i uteskule. Det er litt skilnad i kva fag dei underviser generelt og gjennom uteskule.

## Kva fag underviser du i?




Figure 3 Oversikt over fag lærarane i spørjeundersøkinga underviste i.

Ut i frå figur 4 kan ein sjå at lærarar i størst grad tek i bruk naturfag gjennom uteskule og at musikk og KRLE ikkje er så mykje brukt. Dette er gjerne fordi KRLE og musikk også er mindre representert i figur 3, som vil sei at det er færre lærarar som har dette som fag. Grunnen til

at eg inkluderte desse spørsmåla i undersøkinga var at eg var spent på om det er nokre fag lærarar som tek i bruk uteskule likar betre å ta i bruk enn andre. På forhånd hadde eg tenkt at naturfag ville stå sterkt saman med gjerne norsk, matte og kroppsøving. Det eg antok stemmer litt, men eg var også overraska over at alle faga er så godt representert og at resultatata var så like. Det vil seie at lærarane som tek i bruk uteskule har undervisning ute i mesteparten av dei faga dei underviser i.

I kva fag tek du i bruk uteskule?





Figure 4 Oversikt over i kva fag lærarane tek i bruk uteskule.

Den andre delen av spørjeundersøkinga tok for seg påstandar som lærarane skulle seie seg enten einige eller ueinige i. Desse påstandane blei laga ut i frå Frøyland og Remmen (2019, s. 48) sine aspekt (tabell 2). Eg formulerte spørsmål som skulle passe til intervjuet der eg spurte om lærarars oppfatning av elevars læringsutbytte knytt til det affektive, sosiale, kognitive og fysiske. Eg stilte eit til to spørsmål for kvar kategori slik det ikkje skulle bli så mange spørsmål for lærarane og svare på. Påstandane blei sortert ut i frå kva del av aspekta til Frøyland og Remmen dei passa saman med og blei sett i samanheng med data frå intervjuet. Under kan ein sjå eksempel frå ein slik påstand der lærarane som blei spurt skulle reflektere over det fysiske utbyttet til elevane (Figur 5).

## Ved gjennomføring av uteskule er elevane meir fysisk aktive enn i klasserommet



Figur 5 oversikt over resultat i frå spørreundersøkinga. Lærarane som deltok svarte på elevane er meir eller mindre fysisk aktive ved bruk av uteskule samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning.

Til dømes kan ein sjå på figur 5 at data er med på å svare på aktivitetsnivået til elevane samanlikna med klasseroms undervisning. Desse data passa til det fysiske aspektet og i lag med data frå intervjuet kan desse data bidra til informasjon om kva læringsutbytte ein har ved bruk av uteskule. I tillegg var det spørsmål til dei andre formene for læringsutbytte, der hensikten med å ha slike påstandar i spørjeundersøkinga var å kartlegge kva type læringsutbytte lærarar opplever at elevane har ved bruk av uteskule. Resultata frå denne delen av undersøkinga er med på å svare på forskingsspørsmål 1. For å svare på forskingsspørsmål 2 har eg også inkludert spørsmål i spørjeundersøkinga der lærarane skulle svare på kva utfordringar dei opplev ved bruk av uteskule.

### 3.2.2. Intervju

I tillegg til spørjeundersøkinga valte eg å gjennomføre intervju. Intervju blei valt framfor observasjon eller andre tilnærmingar ettersom det var lærarperspektivet eg var ute etter. I forkant av intervjuet utarbeida eg ein intervjuguide med spørsmål (Postholm s.102-103.) Kva type spørsmål intervjuet skulle innehalde fant eg inspirasjon til i boka til Frøyland og Remmen (2019, s. 48). Ut ifrå deira modell som beskriv ulike former for læringsutbytte ved uteskule utarbeida eg spørsmål knytt til affektivt, sosialt, kognitivt/fagleg og fysisk læringsutbytte (tabell 2)

Denne måten å gå fram på blir av Postholm og Jacobsen (2018, ss. 102-103) omtalt som deduktiv framgangsmåte. Med bakgrunn i teori kring uteskule fant eg ut kva ville undersøke og når eg hadde bestemt at det var læringsutbytte eg ønskja å utforske bestemte eg meg for

å gjennomføre intervju i tillegg til spørjeundersøking. Det teoretiske grunnlaget eg hadde i startfasen gjorde det enklare å utforme spørsmål der hensikten var å inkludere spørsmål som handla om fleire typar læringsutbyttar. I denne fasen arbeida eg mest deduktivt (Postholm & Jacobsen, 2018, ss. 102-103), ettersom eg tok utgangspunkt i teori. Seinare i arbeid med til dømes analyseringa (3.3.) var framgangsmåten meir induktiv (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 103) då eg tok for meg nyinnsamla data til å reflektere over tidlegare forskning. Dette kjem eg meir innpå i kapittel 3.3.

Utvalet bestod av to lærarar på barnetrinnet (1.-7.trinn) som hadde bakgrunn frå naturfag samt erfaring med å ta i bruk uteskule. Kriteriene for mitt utval var då altså Lærer som underviser på barnetrinnet, lærar som har naturfag og lærar som har erfaring/har tatt i bruk/tar i bruk uteskule. Med utvalet klart blei i første omgang e-postar sendt ut til leiinga ved ulike skular i Voss herad. Leiinga gav tilbakemelding med kontaktinformasjon til aktuelle deltakarar og vidare blei intervjutidspunkt avtalt. Samtidig som vi avtalte møtetidspunkt fekk informant 1 tilsendt informasjonsskriv (vedlegg 1).

I planleggingsfasen var intensjonen at begge informantene skulle holde til i Voss herad ettersom mest gunstig med reiseavstand. Eg sendte ut epostar til alle skular på Voss, men fekk ikkje positiv svar unntatt en informant. Difor valte eg å ta kontakt med ein barneskule i Bremanger. Eg tok kontakt direkte med lærarar eg tenkte hadde relevant erfaring og som fylte dei ovannemnte kriteria. Informant 2 ynskja og stille og fekk tilsendt informasjonsskriv og intervjuguide, der også tidspunkt for intervju vart avtalt.

*Tabell 1 Oversikt over informantar som tok del i intervju.*

<b>Lærer</b>	<b>Område som er tilgjengeleg i nærmiljø</b>	<b>Utdanning</b>	<b>Erfaring som lærar</b>	<b>Utdanning knytt til uteskule</b>
<b>Informant 1</b>	Voss Ferskvatn, skog og fjell.	Allmennlærer (adjunkt?)	26 år (lærer +førskulelærer)	30 stp.

<b>Informant</b> <b>2</b>	Bremanger Kyst, skog og fjell.	Adjunkt, 1.-10.trinn	18 år	30 stp.
------------------------------	-----------------------------------	----------------------	-------	---------

Intervjua eg gjennomførte hadde ein strukturert oppbygging der intervjuguiden satt ramma for samtala eg hadde. Spørsmåla blei stilt kronologisk, men ut i frå korleis informantane svarte stilte eg oppklarings spørsmål og oppfølgande spørsmål der eg var ute etter vidare forklaringar. Oppfølgingsspørsmåla blei stilt direkte til det som blei sagt i intervjuet.

I gjennomføring av intervju fekk lærarane svare på spørsmål der dei reflekterte over eigen praksis (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 122).

Intervju 1 ble gjennomført fysisk på skulen der informant 1 arbeida. I forkant hadde vi ein liten samtale slik eg hadde tid til å gjere klart alt utstyr og innhente samtykke. Samtala i forkant var også med på å gjere sjøve intervjuet meir naturleg. Intervju nummer 2 blei gjennomført på zoom ettersom reiseavstanden var lang. I forkant av intervjuet testa eg lydopptak og fant ut at det gjekk fint å ta opp lyden frå datamaskina med diktafon. Intervjuet varte i omtrent 30 min. Etter intervjua var gjennomført starta arbeidet med bearbeiding av data, der det blei gjennomført transkripsjon, kategorisering og koding.

### 3.3. Analyse

I etterkant av innsamling av data frå spørjeundersøking og intervjua kunne eg sette i gang med analysering. Analyseringa vart også gjennomført i to delar, da eg hadde både kvantitative og kvalitative data som skulle analyserast. Den første delen av analysen var å sjå på data frå intervjua, slik eg seinare kunne sjå på kva delar av den kvantitative spørjeundersøkinga som var interessante å ha med i resultat og vidare drøfting. Rådata frå lydopptak blei transkribert og vidare kategorisert. I delkapittela under vil eg gå vidare inn på analyseringsprosessen og korleis eg gjekk fram i sortering, tematisering og samanlikning av resultat frå data eg samla inn.

#### 3.3.1. Transkribering av intervju

Transkribering er ein prosess som ein ofte tek i bruk i etterkant av eit intervju. Dette er gunstig fordi ein gjennom transkribering gjer om det informanten har sagt i intervjuet til tekst som vidare kan brukast til analysering. Framgangsmåten i analysen går eg vidare på i



neste avsnitt. Transkriberinga blei gjennomført ved at eg først lytta gjennom lydopptaka i heilhet for å sjekke kvaliteten før eg vidare høyrte nokre sekund av gongen medan eg skreiv ned det som blei sagt. Punktsetting med komma og punktum samt lydar som «ehh» og «hmmh» er inkludert fordi desse kan spele inn i tolkinga i form av graden av einigheit eller usikkerheit. Til dømes indikerer «ja!» stor grad av enigheit og «hmm..» at informanten er meir tenkande eller usikker i svaret sitt. Postholm og Jacobsen beskriv transkribering som eit mikroskop for forskaren. Ein vil i ein analyse sjå på kva det er forskingsdeltakarane har sagt og ikkje kvifor dei seier det. Når ein analyserer ser ein på bit for bit av det som blir sagt, og ved hjelp av lydopptak har ein moglegheit til å høyre gjennom mange gonger (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 164)

### 3.3.2. Tematisk analyse og innhaldsanalyse av intervju

I den første delen av arbeidet med analysering tek eg i bruk ein deduktiv framgangsmåte (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 103). I ein deduktiv tilnærming vil ein utifrå teori skape grunnlaget for korleis ein arbeider i analyseringa. Tilnærminga var deduktiv fordi eg henta inspirasjon til intervjuguiden frå Frøyland og Remmen (2019, s. 48) sine fire aspekt som dei har brukt i si forskning. Aspekta er med på å beskrive det potensielle utbyttet av uteskule og har også blitt brukt i internasjonal forskning (Morag & Tal, 2012; Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015). Desse aspekta er affektivt utbytte, kognitivt utbytte og fysisk utbytte, sosialt utbytte og, sjå tabell 2. Eg valte å ta i bruk desse aspekta fordi eg ønska å kartlegge korleis uteskule kan ha meir ein berre ein form for utbytte. Ettersom eg utforma spørsmåla til spørjeundersøkinga og intervju med dei fire kategoriane som bakgrunn opplevde eg å få svar der alle fire aspekta blei inkludert. I etterkant valte eg å inkludere ein femte kategori, nemleg utfordringar, fordi eg også hadde inkludert spørsmål om dette både i intervju og spørjeundersøkinga.

*Tabell 2 Beskriving av korleis Frøyland og Remmen (2019, s.48) identifiserer ulike typer av læringsutbytte ved bruk av utvidet klasserom. Til høgre er min tolkning av deira forklaring. Definisjonane og tolkinga mi er utgangspunkt i analysen.*

<b>Aspekt gitt av Frøyland og Remmen (2019)</b>	Forklaring	Min tolking av forklaringa og kva eg såg etter når eg analyserte
<b>Kognitivt læringsutbytte</b>	Elever får bedre forståelse for kunnskap og ferdigheter, og er i bedre stand til å gjenkalle kunnskap	Elevane lærer på ein meir praktisk måte og puggar ikkje informasjon, men lærer i større grad ved å gjere
<b>Affektivt læringsutbytte</b>	Dette omhandler de underliggende følelsene, verdiene og holdningene. For eksempel kan elever få nye opplevelser som kan igjen føre til positive følelser om det å lære naturfag på skolen.	Elevane sine følelsar blir vektlagt. Lærarane beskriver elevane sine følelsar som sentrale som utgangspunkt for ønske om å lære. Til dømes motivasjon og meistring.
<b>Sosialt læringsutbytte</b>	Forutsatt at elevene får oppgaver som krever samarbeid, utvikle relevane også sosiale ferdigheter. Den andre læringsarenaen kan endre måten elevene forholder seg til hverandre på, og kan dermed endre kommunikasjonsmønstrene, som igjen kan gi grobunn for sosial utvikling.	Lærarane vektleggjer det sosiale. Sosiale mål eller planleggingsarbeid som legger til rette for det sosiale er døme på dette. Kjenneteikn kan være korleis uteundervisning legger til rette for samarbeid eller sosial kompetanse hos elevane og korleis lærarane legg til rette for dette.
<b>Fysisk utbytte</b>	Et naturmiljø kan innby til fysisk utfoldelse, særlig visst turen krever litt fysisk innsats, som for eksempel og klyve opp en bratt skråning. Slike opplevelser gir ikke bare fysisk trening, som er	Handlar om korleis uteundervisninga er utforma for utbytte der elevane tek i bruk kroppane. Kjenneteikn kan være grad av aktivitet når elevane er ute samanlikna med inne, samtidig som det og kan være lærarane sin

	positivt for kropp og helse -det hjelper også elevene me å huske turen og kunnskapen de skulle lære.	beskriving av aktivitetsnivået og motorikken til elevane.
--	--	---

### 3.3.2. Koding av intervju

Når eg var ferdig med datainnsamlinga kunne eg sette i gong med analysering. Eg valte og ta for meg intervjua først fordi denne kvalitative delen var den mest omfattande biten å analysere. Før eg kunne sette i gong med analysering måtte alt av datamateriale på diktafon transkriberast, der det var viktig å være nøye. Vidare kunne eg sette i gong med koding og sortering av datamateriale. I arbeid med analysen av intervjua tok eg i bruk tematisk analyse (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 162) der eg var ute etter å sjå på kva informantane mine hadde sagt og kva som var likt og ulikt i deira beskrivingar av uteskule. Som sagt var Frøyland og Remmen sine kategoriar utgangspunktet i analysen min, og undervegs i analyse arbeidet lagde eg underkategoriar til dei ulike temaa. I døme under ser ein eksempel frå arbeidet eg gjorde i kodinga (tabell 3) .

I forskingspørsmål 2 er eg ute etter å kartlegge kva utfordringar lærarar har med planlegging og gjennomføring av uteskule. Eg markerte alle stadane i traskripsjonen der lærarane snakka om utfordringar og samla dei i ein tabell. Vidare i arbeidet med tematisk analyse såg eg etter fellestrekk eller underliggende kodar (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 149). Under utfordringar var det lærarane snakka om ytre faktorar som været eller korleis leiinga sin tilrettelegging er viktig. Lærarane opplevde mangel på ressursar og budsjett som utfordrande. Kodane ein kan sjå i tabellen under (tabell 3) handlar om tilrettelegging frå leiinga der informanten også snakka litt om utfordringar med heim skule samarbeid. Ved hjelp av koding er det lettare for meg og holde orden på datamateriale og i resultatkapittelet vil eg presentere funna mine.

Tabell 3 Oversikt over analyse av intervju. Eksempel frå koding.

Utfordringar	Kodar
--------------	-------

---

Nei. Nokon er veldig fylt opp av foreldra, eg ser jo det sant.. Dette også med å ha med seg niste, dei kan ta seg ei pølse eller to men det er gjerne ikkje nok. Det er det eg synest er litt dumt, vi har ikkje budsjett til vi kan sånn og sånn. Men så lenge skulen satsa på dette her og vil at dette her (uteskule) skal skje så er det lettare. Og visst eg får ein heil dag.. det er ikkje nok med to timar.

**Økonomi/ mangel  
på heim-skule  
samarbeid**

---

Det er det eg synest er litt dumt, vi har ikkje budsjett til vi kan sånn og sånn. Men så lenge skulen satsa på dette her og vil at dette her (uteskule) skal skje så er det lettare. Og visst eg får ein heil dag.. det er ikkje nok med to timar.

**Økonomi/tilpassing  
fra leiinga**

---

Også er det også dette med at eg føler eg må ha litt støtte frå foreldre. Vi har mykje bål og vi lagar mykje mat. Då tenker eg at foreldre må tåle at dei luktar skikkelig bål, Og då tenker eg at då sender du dei ikkje i den finaste dunjakka. Det kan ikkje være sånn «Nei, du kan ikkje gjere det, for du har jo ny dunjakke». Eg tenker at det dei (foreldra) sender ungane med det må kunne brukast (på uteskule).

**Mangel på heim  
skule samarbeid**

---

Måten eg arbeida i denne fasen av analysen var både deduktiv og induktiv, ettersom eg i utgangspunktet tok for meg tidligare teori til opparbeiding av eigne definisjonar ut i frå etablert forskning (tabell 2). Ut i frå desse hadde eg grunnlag for å sjå på det nyinnsamla datagrunnlaget og lage kategoriar ut i frå kva informantane vektla. Her er tilnærminga induktiv ettersom det nye datamateriale er utgangspunktet. Her blir ny empiri brukt til å seie noko om etablert forskning (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 102). Til saman er framgangsmåten i forskinga eg har gjennomført abduktiv ettersom eg både har brukt ein induktiv og deduktiv tilnærming undervegs i analyseringa (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 103).


### 3.3.3. Analyse av spørjeundersøkinga

Den neste delen av analysa var å ta for meg kva kategoriar eg hadde kome fram til i analysering av intervju og sjå på kva delar av spørjeundersøkinga som passa best innanfor desse kategoriane.

Måten eg gjekk fram på i analysen i spørjeundersøkinga var at eg tok for meg det lærarane hadde svart og satte det i saman med dei ulike utbytta som står beskrive i tabell 2 samtidig som eg såg samanheng mellom det lærarane i intervju hadde svart. Lærarane som blei intervju hadde ikkje svart på spørjeundersøkinga slik at deira meiningar ikkje telte dobbelt. Analysen blei gjennomført ved at eg brukte resultatata i frå intervju til å finne kva delar av spørjeundersøkinga som passa best innan for dei ulike aspekta.

Til dømes blei det i spørjeundersøkinga spurt om lærarane i større eller mindre grad opplevde at elevane er engasjerte ved bruk av uteskule. Ordet engasjement blei brukt fordi dei beskriver motivasjonen til elevane og i kor stor grad dei viser at dei ønskjer eller ikkje ønskjer å ta i bruk uteskule. På figur 6 under ser ein korleis lærarane svarte. I spørjeundersøkinga hadde eg med fleire slike påstandar som lærarane svarte om dei var i svært stor grad einig, einig, verken eller, i liten grad einig eller i svært liten grad einig.

Elevane er engasjerte når vi har uteskule. (samanlikna med tradisjonell klasseroms undervisning)



Figur 6 Utklipp frå resultat i frå spørjeundersøkinga. Denne delen av spørjeundersøkinga beskriver korleis lærarane opplever om elevane er meir eller mindre engasjerte for bruk av uteskule samanlikna med tradisjonell undervisning.

I eksempelet over (figur 6) ser ein eksempel frå den delen av spørjeundersøkinga som skulle bidra til å svare på forskingsspørsmål 1, der eg ønskja å kartlegge kva læringsutbytte lærarar opplever at elevar har ved gjennomføring av uteskule. Den siste delen av spørjeundersøkinga skulle bidra til å svare på forskingsspørsmål 2, der eg var ute etter å

kartlegge kva typar utfordringar lærarar opplever ved planlegging og gjennomføring av uteskule. Det var litt vanskeleg å vite kva type spørsmål eg burde inkludere ettersom eg ikkje visste kva type utfordringar lærarane eg seinare skulle intervjuje ville fokusere på. Dei spørsmåla eg inkluderte handla om tilgang på ressursar og i kva grad dei opplevde tilrettelegging av leiinga. Desse spørsmåla blei inkludert ettersom tidlegare forskning viser at dette er utfordringar andre lærarar har opplevd.

### 3.4. Etisk hensyn

I arbeid med studien har eg i datainnsamlingsprosessen gjort tiltak for å ta vare på personvern og etisk hensyn. Spørjeundersøkinga eg gjennomførte var anonym gjennom Surveyxact som er ei nettside for oppretting av spørjeundersøkingar som HVL har eit samarbeid med. Nettsida gjer at ein kan opprette undersøkingar der personvern blir tatt hensyn til. Deltakarane må ikkje logge inn eller oppgje nokon informasjon om seg sjølv og ingen personlege identifikasjonar som til dømes ip-adresser blir lagra. På denne måten er alle svar og informasjon henta frå spørjeundersøkinga anonyme.

Sidan det blei brukt lydopptakar ved gjennomføring av intervju måtte eg i forkant søke til Sikt/NSD og få godkjent søknad før eg kunne sette i gong med intervju. I prosessen med å søkje til sikt blei det sendt prosjektbeskriving, mal til intervjuguide og informasjonsskriv der samtykkeærklinga også inngår. Godkjenninga eg fekk frå dei (vedlegg 1) gjorde til at eg kunne sette i gong med gjennomføring av intervju, ettersom godkjenning er nødvendig i behandling av personvern. Før eg satte i gong med intervju blei underskrift i frå deltakarane til intervjuet samla inn.

I samanheng med intervjuet blei diktafon tatt i bruk og i etterkant blei lydopptaka lagra i ei mappe, der berre eg har tilgang med min studentinnlogging, slik eg blei instruert til av emnevegledar. I behandling av denne dataen har eg fjerna all informasjon som gjer det mogleg å identifisere informantane. Til dømes har eg latt være å skrive ned namn på plassar og personar som har blitt nemnt undervegs. Personvern og anonymisering har blitt satt i første rekke då det er veldig viktig at informantane ikkje skal gjenkjennast i oppgåva.

Spørjeundersøkinga vart gjennomført anonymt så eg har ikkje tilgang på nokon personinformasjon til deltakarane.

### 3.5. Validitet og reliabilitet

Validitet og reliabilitet handlar om gyldigheita til studiet eg har gjennomført, og om ein kan stole på datagrunnlaget (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 222). Faktorar som spelar inn her er korleis dataa blir påverka av den framgangsmetoden ein har valt. Som forskar ønskjer ein å gjere forskingsdataa så truverdige ein klarer, men dette kan ein ikkje garantere for.

Datagrunnlaget i studien min er lærarar på barnetrinnet ettersom det eg kartlegger i studien er lærarars tankar og erfaringar med uteskule. Det er då også sentralt at lærarane eg har vært i kontakt med har erfaring med uteskule. Eg har gjort eit utval av lærarar (Postholm & Jacobsen, 2018, ss. 80-81) der eg har fått tak i lærarar i ulike delar av landet og spurt om deira opplevingar med uteskule. Ut i frå datautvalet har eg spurt lærarar som har ulik grad av erfaring kva dei opplever elever får ut av uteskule samt kva utfordringar dei opplever.

Med spørjeundersøkinga eg gjennomførte er kvart svaralternativ låst, som vil sei at deltakarane svarte i frå stor grad som høg grad av einigheit, til svært liten grad som høg grad av ueinigheit med ein påstand. For å styrke reliabiliteten var det viktig at skalaen deltakarane svarte på var balansert, og at det var like mange svaralternativ på grad av einigheit som grad av ueinigheit (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 176). Dersom svaralternativa ikkje hadde vore balanserte, f.eks. om det var fleire svaralternativ i retning positiv til uteskule hadde måten eg utforma undersøkinga kunna verka inn på svara til deltakarane. Med ein balansert skala kan forskingsdeltakarane i større grad avgje svar i tråd med korleis dei tenker.

Reliabilitet handlar om pålitelegheita til forskinga som er gjennomført (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 222). Det ein då må spørje seg er om ein kan stole på data ein har innhenta. Dette kan handle om ulike tiltak ein har gjort undervegs for å sikre at all data som ein samlar inn blir mest mogleg autentisk med slik som deltakarane i studiet tenker. Over er eit eksempel frå spørjeundersøkinga der balanserte svaralternativ var ein måte å styrke reliabilitet. Under vil eg gje nokre eksempel frå intervjuprosessen der eg har reflektert over

nokre faktorar som kan ha svekka reliabiliteten og andre tiltak eg har gjort for å styrke graden av reliabilitet. Døme på korleis eg har arbeida for at data eg presenterer i resultat og drøfting er mest mogleg gyldige og at ein kan stole på dei er at eg har brukt lydopptak og transkribert alt som blei sagt i dei to intervju.

Bruk av lydopptak fungerer som ein styrke til reliabiliteten for data samla i frå intervju (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 131). Lydopptak gjer moglegheit til å høyre lydklippa fleire gonger som gjer det mogleg å få med flest mogleg detaljar i det som blir sagt. Om eg ikkje hadde brukt lydopptak hadde eg brukt notering, og dette ville både distrahera meg frå å få med meg det informantane sa samtidig som det kunne skapt ein distanse mellom meg og dei eg intervju. Ved bruk av lydopptak legg ein i større gra til rette for at det blir ei naturleg samtale der praten flyter og ein har tid til å lytte til det som blir sagt og stille oppfølgande spørsmål.

Ein faktor knytt til intervjuet som kan ha svekka reliabiliteten, altså ei feilkjelde, er at eg i arbeidet med transkriberinga hadde problem med å forstå alt som hadde blitt sagt. I møte med slike delar av lydklipp der ikkje alt var like lett å forstå måtte eg ta ei vurdering om eg ville ta med desse i transkripsjonen eller å ikkje inkludere desse i dataa som vidare skulle analyserast.

Andre spørsmål ein som forskar kan stille seg undervegs i følge Postholm og Jacobsen (2018, s. 222) om ein har fått med all den viktige informasjonen eller om ein kan stole på det som har blitt sagt. Eksempelvis vil det å spørje ei gruppe barn om å teste og vurdere eit nytt spel på mobil gje eit anna svar om ein hadde spurt ei gruppe eldre om å gjere det same. Ein vil få forskjellige svar på spørsmåla ein stiller ut i frå kven som svarer på dei. Dette er ein av faktorane som spelar inn på den totale mengde reliabilitet og validitet, som samla sett utgjer studiens truverdigheit (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 223). Under vil eg drøfte vidare over faktorar i spørjeundersøkinga som kan ha påverka reliabiliteten til studiet. Dette er det viktig som forskar å drøfte over ettersom ein skal være kritisk til data ein har samla inn.

Spørjeundersøkinga blei gjennomført på ei facebookgruppe for lærarar som driv med uteskule. Dette kan svekke reliabiliteten til svara fordi lærarar som er medlem av ei slik



gruppe gjerne har større entusiasme for bruk av uteskule samanlikna med nokon som ikkje er ein del av ei slik gruppe. For undersøkinga eg ønskja å gjennomføre var det sentralt at lærarane hadde erfaring med bruk av uteskule. Samtidig ønskja eg svar i frå ulike delar av landet samt mest mogleg svar.

Frå tilbakemeldingar til andre studentar som har gjennomført tilsvarande undersøkingar har eg fått høyre at det er mange som ikkje får svar når dei sender ut ei slik undersøking. Dette var noko eg tok til ettertanke når eg skulle publisere undersøkinga. Tanken var at visst eg publiserte undersøkinga på ei side som hadde lærarar som ikkje hadde spesiell interesse for bruk av uteskule så kunne dette også bety at lærarane ikkje var motiverte for å svare på ei undersøking med uteskule som tema. Derfor blei undersøkinga publisert på ei side der lærarar søker inspirasjon for bruk av uteskule og det var vellykka taktikk for å skaffe mange deltakar for min forskning.

## 4. Resultat

I dette kapitlet skal eg ta for meg resultat i frå analysen av intervju og spørjeundersøkinga. Analysen blei gjennomført ut i frå korleis forskingsspørsmåla og problemstillinga for oppgåva er formulert. Resultatet er presentert i rekkefølge ut i frå korleis eg har presentert forskingsspørsmåla mine og første delkapittel er inndelt slik at dei ulike underkappitela tar utgangspunkt i Frøyland og Remmen (2019, s. 48) sine aspekt. Som nemnt i analysedelen (3.3.2.) har eg tatt i bruk aspekta til Frøyland og Remmen til å lage eigne definisjonar som eg tek utgangspunkt både i analysen og som vil komme fram i presentasjon av resultat. Dei ulike aspekta er knytt til affektivt utbytte, sosialt utbytte, kognitivt utbytte og fysisk utbytte (tabell 2). Det siste underkapitlet handlar om kva type utfordringar lærarar opplever ved bruk av uteskule.

### 4.1. Kva type læringsutbytte vektlegg lærarar i utforming av uteundervisning?

Gjennom spørjeundersøking og intervju har eg spurt lærarar spørsmål knyt til korleis dei opplever bruk av uteskule. Spørjeundersøkinga har gitt data som viser ein statistikk over kva lærarar opplever, medan intervjuet gjer eit svar på kva erfaringar lærarar har. Gjennom erfaringane til lærarane vil eg vidare i resultatdelen legge fram kva lærarane i intervjuet og spørjeundersøkinga svarte om korleis dei opplever uteskule.

#### 4.1.1. Affektivt utbytte

I intervjuet blei lærarane spurde spørsmål om kva dei opplever som ulike utbytter ved bruk av uteskule. Ein av faktorane lærarane trekk fram er korleis uteskule kan bidra til affektivt utbytte. Affektiv utbytte slik det står beskrive i tabell 2 handlar om følelsar, verdiar og haldningar elevane har. Haldningar og følelsar er noko elevane viser gjennom korleis dei stiller seg til korleis undervisninga blir gjennomført og innhaldet i undervisninga. I intervjuet eg gjennomførte fortalte lærarane i størst grad om korleis elevane uttrykte seg og stilte seg til uteskule, som kan være med på å beskrive deira haldningar og følelsar. Under vil eg først gje eksempel frå kva informantane i intervjuet fortalte før eg presenterer resultat frå spørjeundersøkinga.

Dei to hovudområda innan elevars haldningar ovanfor uteskule lærarane reflekterer over er meistring og motivasjon. Informant 1 snakkar til dømes om korleis ho opplev at elevane er motiverte for uteskule. På spørsmålet «Opplever du at elevane er interesserte/motiverte for uteskule?» svarte informant 1: «Ja, mykje meir. dei er glade og fulle i endorfiner. Dei er alltid så mykje blidare når dei er ute».

Informant 2 fortel om korleis ikkje berre elevane er motiverte for uteskule, men også foreldra har ein motivasjon for at elevane tilbringar undervisningskvardagen ute: «Men ellers så var dei fleste motiverte og synest det var heilt topp. Og foreldra var veldig motiverte for at elevane skulle være ute». Den andre faktoren innan affektivt utbytte ved bruk av uteskule er meistring. Informant 1 drøfter over at elevar som gjerne ikkje opplever meistring inne i klasserommet kan få det når ein kjem ut: «Eg trur dei har veldig positive opplevelser og at dei som ikkje er vane med det får positive opplevingar». Dette utdjuper informant 2 i utsagnet:

Eg tenker at det kan bidra til at dei som ikkje er så sterke å lese at dei kan få vise seg fram litt. At gjerne det at dei som ikkje er så sterke i klasserommet kan få vist seg fram. At dei heller kan briljere på å klatre i tre og då kan dei andre tenke «shit! Han kan klatre høgt i tre», at det på ein måte kan utjevne litt korleis dei ser på kvarandre.


Informant 2 snakkar også korleis ein kan få fram at elever har ulike styrker ved bruk av uteskule:

Ja, at dei kan meistre og at andre kan sjå at ein kan meistre forskjellige ting. At dei kan tenke at « okei, eg er supergod i matematikk, men ho/han tørr ein edderkopp» og at ein får fram dei gode sidene til ulike.

Begge informantane reflekterer over at uteskule kan bidra til at elevane opplever meistring om motivasjon, der dei både får oppleve eigen meistring men også sjå korleis ein har ulike styrkar og at ein opplever meistring ulikt.

I spørjeundersøkinga valte eg å spørje om korleis lærarar opplever engasjementet til elevane ved bruk av uteskule.

### Elevane er engasjerte når vi har uteskule. (samanlikna med tradisjonell klasseroms undervisning)



Figur 7 Resultat frå spørjeundersøkinga. Stolpane viser affektivt utbytte ved bruk av uteskule samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning.

Figur 7 viser resultat frå svar på spørjeundersøkinga der lærarar har blir spurt om korleis dei opplever elevars engasjement ved bruk av uteskule samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning. 13 av 32 som svarte meiner at elevane er i svært stort grad engasjerte for uteskule og 19 svarte at dei i stor grad opplever at elevane er engasjerte. Det var ingen som svarte verken eller, i liten grad eller i svært liten grad. Svara frå intervjuet gjer ulike eksempel på korleis lærarar opplever motivasjon og engasjement hos elever ved bruk av uteskule medan spørjeundersøkinga gjer ein indikasjon på kor stor grad av engasjement dei opplever frå elevane knytt til uteskule.

#### 4.1.2. Sosialt utbytte

Spørsmåla eg stilte i intervjuet handla delvis om å kartlegge kva tankar dei to lærarane på barnetrinnet hadde om det sosiale utbyttet til elevane ved bruk av uteskule. Døme på spørsmål eg stilte var «korleis vil du definere sosial læring?» og «korleis tenker du at uteskule kan bidra til sosial læring?». Det største fokusområdet til lærarane i forhold til sosialt utbytte ved bruk av uteskule handla om samarbeid. Under samarbeid blei konflikthåndtering, sosial kompetanse og ansvar nemnt. Informantane meinte begge at uteskule legger til rette for at elevane kan samarbeide. Informant 2 som har dei yngste elevane i 1.-2. trinn snakka om korleis ho i planleggingsarbeidet legg til rette for at elevane skal samarbeide:

lallefall slik som klassen min er no, så kan det fort bli litt konflikter. Så no er eg veldig viktig på det å sette gruppene, og gje dei beskjed på forhånd. Gje beskjed i forhold til at dei ikkje begynner å blikke, og skape gruppesammansetningar på forhånd som det

er jo noko som rett og slett blir ikkje så bra. Så eg prøver på ein måte å sette opp grupper på forhånd som eg trur passer godt saman, der alle bidrar.

Vidare fortalte informant 2 om korleis ein brukar samarbeid til å arbeide med konflikthåndtering. Ho fortale også om korleis elevane hadde sosiale mål dei arbeida ut i frå. «Altså lære seg og ha gode relasjonar til andre og kunne håndtere litt konflikter. Det å lære seg å samarbeide og inkludere kvarande. Altså vi har masse sånne sånne sosiale, eh, sosiale mål, kva kallar ein det... sosial kompetanse... Det er på ein måte det, det å kunne jobbe og kunne forholde seg til andre.»

På same måte som elevane til informant 2 har sosiale mål, har informant 1 hatt tema innan det sosiale som elevane har arbeidd med:

Ein må kunne samarbeide med alle og det har vi snakka mykje om. Du kan ikkje velje den du vil jobbe ilag med, ein må klare å jobbe med alle. Dette har vi også jobba med som tema.

I tillegg til å arbeide med det sosiale som eit eige tema gjennom uteskule opplev ho også at elevane tek ansvar når ein gjennomfører undervisning utanfor klasserommet. Informant 1 reflektera rundt korleis ho opplever at uteskule er ein arbeidsarena der ein kan legge til rette for at elevane skal ta ansvar samtidig som dei lærer seg å arbeide med alle:

Eg føler det er lettare og lære dei sosial kompetanse (med uteskule). For då har ein liten pep-talk med dei også seier «no skal vi på tur, og vi skal gjere sånn og sånn..» «Du har ansvaret for den oppgåva». Dei får ikkje alltid velje kven dei vil på gruppe med. Men eg synest dette er ein utruleg fin måte å sosialisere dei på. Dei må samarbeide.

Informant 1 fortel om måten elevane både tek ansvar for ulike oppgåver samt samarbeider både i forarbeidet før uteskule samtidig som dei samarbeider når dei er utanfor klasserommet.

Naturfaglærarane eg intervjuar snakka om korleis dei i planleggingsfasen lagar gruppesamansetningar og er opptatte av at elevane i størst mogleg grad skal samarbeide. Informant 1 reflekterte også over korleis elevane arbeider sosialt utanfor det som er planlagt undervisningsopplegg. Der trekk ho fram frileiken som fremjar for sosialt utbytte:

«Det sosiale samspelet er veldig godt når vi er ute og dei har eit avgrensa område dei skal være på. Også kan dei ha masse leikar og sånn f.eks. Det verker som det er veldig motiverande for dei også, for dei begynner å synge og dei lagar masse ting som eg ikkje ser på ein skule.» Her trekk også informant 2 inn korleis dei sosiale og affektive aspekta ofte skil inn i kvarandre. I utdraget kan ein sjå korleis samarbeid gjennom leik kan verke motiverande for elevane.

Det sosiale gjennom frileik er noko informant 2 også tar for seg: «Også legger vi også opp til leikesituasjonar der alle meir får leike saman. Det er ikkje alle som er like gode i det norske språket. Og då er gjere sånne aktivitetar med frileik periodar der dei får vise seg fram og utfolde seg, snakka, leika, og tatt del i fine leikesituasjonar.» Oppsummert er lærarane fokusert på korleis uteskule kan bidra til samarbeid der elevane får styrka sosialkomptanse både i situasjonar som er planlagde og i frileik.

#### 4.1.3. Kognitivt/fagleg utbytte

Det kognitive og faglege utbyttet handlar om korleis uteskule legg til rette for læring. I intervjuet snakka lærarane om kva fag dei tek i bruk ved bruk av uteskule og korleis elevane går fram for å tileigne seg kunnskap. Det som i høgast grad blir vektlagt av lærarane er erfaringsbasert læring og praktisk arbeid.

Samtidig snakka dei om i kva fag dei bruker uteskule og mykje av refleksjonane viser til at undervisninga stort sett er tverrfagleg. Informant 2 som har dei yngste elevane fortel om korleis ho bruker uteskule i fleire fag der naturfag gjerne er det faget ho brukar mest. «Uteskule for meg er mest naturfag, men det har også blitt ein del matlaging og kroppsøving og leik, er jo det ein del. Det tenker eg er uteskule». Ho snakkar også om korleis timeplanen er lagt til rette for uteskule som ein viktig faktor for å skulle skape gode læringsituasjonar:


Naturfag, mat og helse og kroppsøving. Så er det lagt opp sånn at fredagar har vi dei faga, slik at den dagen er lagt til rette for uteskule. Så blir norsk eit sånn fag vi har når vi kjem innigjen frå uteskule i bearbeiding av det vi har jobba med ute.

Informant 2 har dei yngste elevane og reflekterer over korleis ho planlegg uteskule og korleis ho opplever at det er lettast å ha uteskule med dei yngste elevane ettersom det er lettast å tilpasse uteskule ut i frå læringsmåla på dei lavaste trinna:

Eg er litt usikker, eg føler kanskje at det er lettare å ha med 1.-4. trinn ettersom då føler eg meir at eg får nok fagleg tyngde. Så det er på ein måte lettare, ja eg føler eigentleg at det er lettare med yngste.

Blant anna beskriv informant 2 korleis elevane tek meir i bruk heile kroppen når dei lærer. «Eehhh... det med at det er praktisk, og at ein kan ta i bruk fleire sansar når ein ser på bilder og sitter i ro. Ein får erfare og ta og seg fram i naturen, dei får brukt meir enn syn og hørsel.»

Elevane arbeider praktisk og utforskande når vi har uteskule



Figur 8. Oversikt over resultat i frå spørjeundersøking. Lærarane svarte på om dei opplever at elevane arbeidar praktisk og utforskande ved bruk av uteskule. Her er 28% i svært stor grad einige, 63% i stor grad einig og 9% svarte verken eller. Det er ingen som har svart at dei i liten grad eller svært liten grad er einige.

I spørjeundersøkinga blei lærarane spurde om dei opplever at elevane arbeidar praktisk og utforskande ved gjennomføring av uteskule (Figur 8). Her svarte 20 av 32 lærarar at dei opplever at elevane arbeidar praktisk i stor grad. Dette stemmer overeins med beskrivingane til informant 2 om at elevane arbeider meir praktisk når dei tek i bruk heile kroppen og alle sansar.

Det med at elevane tek i bruk heile kroppen når dei lærer er noko informant 1 også fokuserer på. Blant anna seier ho: «Eg synest det er så viktig. Ein får med så mange aspekter.. Vi gjer alt vi lærer, så «det du gjer det lærer du» på ein måte sant?» Det dei tar for seg handlar både om at elevane får tatt i bruk heile kroppane som kan knytast til det fysiske aspektet men også snakkar dei om erfaringsbasert læring.

Planleggingsarbeidet var også med i drøftinga til lærarane. Dei fortalte om korleis dei jobbar med å legge til rette for gode lærings situasjonar som også omfatta tilrettelegging for sosialt, fysisk og affektivt læringsutbytte. I forhold til det kognitive utbyttet reflekterte informantane rundt korleis ein uteskule-dag er strukturert på ein annan måte enn tradisjonell klasseromsundervisning.

Informant 1 snakka til dømes om korleis dei ikkje har friminutt og at dagen meir går i ett : «Ja, då er det ikkje sånn friminutt eller storefri eller pausar, då går det i eit heile dagen. Det synes eg er litt greitt. Då har vi store oppgåver eller tema som vi går gjennom.» Begge informantane snakka om korleis dei har tema dei arbeider ut i frå når dei er ute. Informant tar eksempelvis opp to tema som ho arbeider med gjennom uteskule :


«Vi skal ha om vind og lage papirvindmøller, det er jo planlagt. Men eg føler at med åra opplever eg at eg har fått meir erfaringar, som gjer at det er lett å plukke fram igjen . Sånn spesielt sånn på våren når plantane begynne komme og eg over åra har jobba med å lære meg namn på mange artar så hjelper det med å ta tak i ting der og da.»

Informant 2 beskriv tema ho jobbar med gjennom uteskule som begge er relatert til naturfag.

Noko som ikkje kom så godt fram i intervjuet er om elevane får med seg det faglege innhaldet ved gjennomføring av uteskule. På spørjeundersøkinga svarte 21 av 32 lærarar at dei opplever i stor grad at elevane får med seg innhaldet (figur 9). I intervjuet var meir fokuset på når det er vanskeleg å legge til rette for at elevane får med seg det faglege. Dette kan ein sjå under utfordringar korleis informant 2 beskriv været som ein avgjerande faktor.




### Eg opplever at elevane får med seg det faglige innhaldet ved bruk av uteskule



Figur 9. Oversikt over resultat i frå spørjeundersøkinga. På spørsmål om elevane får med seg det faglege innhaldet ved bruk av uteskule svarte 25% av lærarane at dei opplever i svært stor grad at elevane får med seg innhaldet. 66% svarte at dei opplever i stor grad at elevane får med seg innhaldet. 9% svarte verken eller. Det var ingen som svarte i liten grad eller i svært liten grad.

### Ved uteskule brukar vi meir tid på leik og aktivitetar utan faglig fokus.



Figur 10. Oversikt over resultat i frå spørjeundersøkinga. Lærarane svarte på om dei opplever at ein ved uteskule brukar meir tid på leik og aktivitetar utan fagleg fokus. Her var 25% i svært stor grad einig, 28% i stor grad einig, 31% verken eller og 16% svarte i liten grad. Det var ingen som svarte i svært liten grad einig.

På figur 10 kan ein sjå svara til lærarane på om dei tenkjer elevane i større grad brukar tid på leik og aktivitetar som ikkje har fagleg fokus. Her er lærarane i størst grad verken eller einige eller ueinige med påstanden. Ellers er den største prosentandelen i retning stor grad av einingheit med påstanden. Det vil seie at lærarane i størst grad opplever at elevane brukar mest tid på aktivitetar der det faglege ikkje står så sentralt. Men det at elevane får tid til frileik er noko Informant 1 har trekt fram som positivt blant anna for det sosiale utbyttet:

Det sosiale samspelet er veldig godt når vi er ute og dei har eit avgrensa område dei skal være på. Også kan dei ha masse leikar og sånn f.eks. Det verker som det er veldig motiverande for dei også, for dei begynner å synge og dei lagar masse ting som eg ikkje ser på ein skule.

Noko lærarane eg intervjuar også snakka om sjølv om det ikkje var det dei vektla mest var respekt for naturen. Informant 2 snakka om korleis hennar elevar har vært å besøkt gardar og naturleikeplassar og at det er viktig at elevar lærer seg å respektere naturen: «Det å lære om naturen der det skjer. Det å bli glad i å være ute og få respekt for naturen.» Informant 1 snakka om det å ta vare på naturen i ein litt annan samanheng : «Dei lærer seg å tenne opp bål, slukke bål og at du skal aldri gå i frå eit bål.. Eg føler at dei lærer seg å ta vare på naturen.»

Informantane fortel på ulike måtar om korleis dei opplever at elevars kunnskap om respekt for naturen er viktig. Dei fortel også om korleis uteskule kan være med på legge til rette for dette. Tidlegare i delkapittelet står det om erfaringsbasert kunnskap og om korleis informantane opplever at uteskule er med på å gje elevane konkrete erfaringar. Dette går informant 2 også inn på når ho reflekterer rundt viktigheita av at elevane lærer seg å ta vare på naturen:


Ja altså dei får jo lære seg å ha respekt for naturen, det veit eg ikkje om dei får, men eg håper det. Det at dei får såne erfaringar når dei er ganske små er viktig. Det eg opplever er at dei er åpne for alt mulig. Dei drar nytte av det å få være i det vi lærer om.

Oppsummert er det informantane eg intervjuar diskuterer mest i forhold til kognitivt og fagleg utbytte korleis dei planlegger, kva fag dei tek i bruk og på kva måtar elevane lærer. Dei fortel om korleis elevane gjennom uteskule får erfaringar og lærer av å gjere. Samtidig er informantane opptatt av at elevane skal lære seg miljøbevisheit gjennom å ta vare på naturen rundt seg. Ut i frå spørjeundersøkingane ser ein at lærarane i stor grad opplever at elevane arbeider praktisk og utforskande gjennom uteskule og at lærarane oppfattar at dei får med seg det faglege innhaldet. Samtidig svarer lærarane i undersøkinga at dei brukar i større grad tid på aktivitetar utanfor klasserommet som ikkje har fagleg fokus.

#### 4.1.2. Fysisk utbytte

I intervjuet tok lærarane opp elevanes fysiske kvardag ved fleire anledningar. Det som kom fram av resultatane var at lærarane fokuserte på at elevane er meir fysisk aktive ved bruk av uteskule og at uteskule kan bidra til å fremje fysisk helse. Lærarane og intervjuet opplever at elevane i større grad er meir fysisk aktive ved bruk av uteskule samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning.

##### Ved gjennomføring av uteskule er elevane meir fysisk aktive enn i klasserommet



Figur 11. Oversikt over resultat frå spørjeundersøking. Lærarane som deltok svarte på elevane er meir eller mindre fysisk aktive ved bruk av uteskule samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning.

Dette blir støtta av spørjeundersøkinga der den største andelen svarte at elevane i mykje større grad er meir aktive. 24 av 32 opplevde i svært stor grad at elevane er meir fysisk aktive ved gjennomføring av uteskule enn i klasserommet og 8 av 32 svarte at dei opplever at elevane i stor grad er meir aktive ute enn i klasserommet (figur 11). Det var ingen som meinte at dei i liten eller svært liten grad er meir aktive ute enn inne.

I intervjuet reflekterte lærarane over korleis dei både gjerne har eit fysisk mål i planleggingsprosessen samtidig som dei opplever at elevane er meir fysisk aktive når dei er ute. Informant 2 beskriv korleis ho opplever at dei yngste elevane er aktive, og at inne i klasserommet kan ikkje elevane utfolde seg på same måte utan at det blir kaos:

Ja, iallefall for min del. Ja egentlig, iallefall med årets gjeng fordi med den gjengen så er dei veldig aktive. Inne er det lettast å sitte med dei eller ligge på golvet. Det er ikkje lett å slippe dei laus inne for då blir det fort kaotisk. Det er mykje lettare å sleppe opp ute enn inne. For det er lettare å få tak på dei ute. Det er bevegelse når vi går dit vi skal, om vi går til naturleikeplassen eller går til fjæra.

Informant 2 beskriver når elevane er i bevegelse og at dette skjer også i forflyttingar dette utdjupar ho vidare:

Det er på ein måte bevegelse i forflyttingar. Dei er også i ein alder der dei likar å springe, visst dei skal ein plass så loffar dei ikkje avgårde sant(?) Det er fart og tempo. Veldig ofte med tempo og klatring, kravling og dei får jo på ein måte utfordra heile kroppen.

Informant 1 er opptatt av korleis elevane har godt av å bli kjent med eigen fysikk og eigne kroppar. På spørsmål om «Korleis tenker du at elevane drar nytte av uteskule?» seier informant 1 at:

Dei kjem i bedre form, blir kjende med seg sjølv. Dei får kjenne kor langt dei kan strekke strikken når dei gjere fysisk, og når vi går turer. Dei får kjenne på fysikken sin. Er eg i god form? Er eg i dårlig form? Er eg i passeleg form? Eg synest dei får veldig god kjennskap til kroppen sin.

Informant 1 samanliknar også tradisjonell klasseromsundervisning med uteskule i sin beskrivelse av det fysiske utbyttet ved bruk av uteskule:

Det er veldig mykje i uteskule dei har godt av, i klasserommet sitte dei alt for mykje i ro.. Og nokre dagar kjem dei på skulen og er slitne og trøtte. men når vi skal ha uteskule, så har dei ikkje sjanse, då kan dei være så trøtte dei berre vil men når vil skal har uteskule så må dei ut og gå.

slik informant 1 beskriver det så sit elevane for mykje i ro inne i klasserommet, og at ho opplever dei som slitne. Informant 2 støttar opp om dette og beskriv uteskule som ein fri arena der elevane ikkje sit like mykje i ro som inne: «Det er på ein måte friare. Ein sit ikkje i ro på ein stol, så lenge ein passar på litt at alle jobbar med alle og vi har litt bli kjent leikar.»

Det som kjem fram av resultata i forhold til det fysiske utbyttet til elevane er at lærarane opplever at elevane har eit høgare aktivitetsnivå utanfor klasserommet. Dette stemmer overeins med resultatet frå spørjeundersøkinga der lærarane som svarde opplevde at elevane er meir fysisk aktive ute samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning. Samtidig får informantane eg intervjuar fram korleis elevane både blir i større grad kjent med

eigne kroppar og fysisk helse ved å være utanfor klasserommet. Måten dei er aktive blir beskrive gjennom at dei klatrar, kravlar, går og spring. Lærarane opplever at elevane er meir aktive utanfor klasserommet samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning. Dette kjem fram både gjennom intervju og i spørjeundersøkinga.

#### 4.2. Kva utfordringar opplever lærarar i utforming og gjennomføring av uteundervisning?

I tillegg til å undersøke kva læringsutbytte lærarar opplever gjennom bruk av undervisning utanfor klasserommet så var eg også interessert i å kartlegge kva utfordringar lærarar opplever når dei skal tilrettelegge for uteskule. Ein ting lærarane tok opp som også kjem fram av tidlegare forskning (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 84) er at vær og klima kan være utfordrande ved tilrettelegging av uteskule. I Norge har vi eit vinterhalvår prega av kulde, snø, mykje regn og vind. I skuleåret kan ein då oppleve at det er periodar som ikkje eignar seg for gjennomføring av uteskule. I spørjeundersøkinga stilte eg spørsmål om kor ofte lærarane tek i bruk uteskule.

I undersøkinga svarte lærarane om dei tek i bruk uteskule ofte som ein eller fleire gonger i veka, eller litt sjeldnare som ein til fleire gonger i månaden eller berre ein til to gongar i halvåret (figur 12). Dei fleste svarte at dei tek i bruk uteskule ein gong i veka. Lærarane eg intervjuar fortalte at dei prøvde å legge til rette for faste dagar i veka der dei var ute men at dette ikkje alltid var like lett å få til. Til dømes fortalte informant 1:

... også var det ein haust vi prøvde å ha uteskule men vi regna heilt vekk. Det var dritvær kvar gong, det var vanskeleg, det blei rett og slett kjedeleg. Det blas og regna, det vanskeleg og undervise, elevane kunne ikkje stå i ro å høyre på.

Kor ofte tek du i bruk uteskule?




Figure 12 Oversikt over kor ofte lærarar på barnetrinnet tek i bruk uteskule.

Noko eg stilte spørsmål om i spørjeundersøkinga som ikkje blei reflektert så mykje over av dei eg intervjuar er kor mykje tid som går til planlegging av uteskule samanlikna med klasseromsundervisning. Ut i frå teorigrunnlaget mitt tenkte eg at dette var noko dei kom til å drøfte, men i intervjuar var ikkje dette noko dei trakk fram særleg. I spørjeundersøkinga stilte eg spørsmål om lærarane brukar mykje tid å planlegge undervisning utanfor klasserommet samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning. Her svarte dei:

Brakar du mykje tid når du planlegg uteundervisning samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning?




Figure 13 Oversikt over resultat frå spørjeundersøking. Lærarane svarte på om dei opplever at dei bruker meir tid ved planlegging ved gjennomføring av uteskule samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning

Som ein ser i figur 13 opplever flest lærarar at dei ikkje bruker meir tid på planlegging ved uteskule enn ved tradisjonell klasseromsundervisning. Det er likevel 9 av 32 som føler dei bruker meir tid på planlegging av uteskule. I figur 14 under kan ein sjå kva deltakarane svarte på spørsmål om kor dei hentar inspirasjon når dei planlegg uteskule. Her kunne dei ta i bruk fleire svaralternativ ettersom dei muligens både hentar inspirasjon frå andre læreverke og finn inspirasjon til dømes på Instagram. Lærarane svarte (figur 14) at dei i størst grad tek i bruk undervisningsopplegg som dei har utvikla sjølv. I tillegg er det mange som svarer at dei hentar inspirasjon frå sosiale media som til dømes Facebook og Instagram.

Kvar hentar du inspirasjon når du planlegg uteskule




Figure 14 Oversikt over resultat frå spørjeundersøking. Lærarane svarte på kor dei hentar inspirasjon ved planlegging av uteskule.

Oppsummert er det to faktorar som lærarane eg intervjuar trekk fram som utfordrande i planlegging og gjennomføring av uteskule. Desse to faktorane er utfordringar knytt til vær og klima samt utfordringar med tilrettelegging både økonomisk og i forhold til ressursar og tid. Desse vil eg vidare ta for meg. I den første delen om utfordringar knytt til vær er det ikkje med spørsmål frå undersøkinga ettersom eg ikkje spurte om dette. Her vil svara frå informantane i intervjuet kartlegge korleis været kan være utfordrande. I del to vil eg ta for meg korleis leiinga si tilrettelegging er viktig og korleis mangel på økonomi, ressursar og tid kan være utfordrande. Her vil eg sjå på kva informantane har svart også presentere funn frå spørjeundersøkinga.

#### 4.2.1. Utfordringar knytt til vær og klima

I intervjuet var eg også ute etter å få kunnskap om kva lærarar opplever som utfordrande ved bruk av uteskule. Det hende også at lærarane trakk fram ulike situasjonar eller måtar dei opplever utfordringar ved bruk av uteskule utan at dei blei direkte spurde om det. Lærarane trekk fram nokon av dei same utfordringane dei opplever og litt forskjellige utfordringar. Ein av dei områda som begge lærarane trekk fram er korleis været kan skape utfordringar.

Informant 1 trekk fram været som ein utfordrande faktor ved gjennomføring av uteskule. I samanheng med dårleg vær har informant 1 opplevd at elevane på slike dagar ikkje alltid er like forberedt til undervisning ute: «Men eg har fått meg nokon sjokk f.eks. regndagar der dei kjem utan regnkledde.» Det at elevar ikkje alltid er like godt forberedt til uteskule er noko begge lærarane snakkar om der informant 2 som for det meste har erfaring med dei yngste elevane ikkje er så glade i gå i å være ute når det regnar:

«Ja, egentlig veldig mange, men det er litt væravhengig. Det er nokon som ikkje er glade i regn. Ei oppfatning nokon av dei yngste elevane har er at dei tenker at når dei begynner på skulen så trenger dei ikkje gå med regnkledde meir.»

Lærarane fortalte om korleis elevane i mindre grad er motiverte for uteskule på dagar der det er dårleg vær og at dette er med på å gjere det utfordrande med uteskule på slike dagar. I tillegg fortel dei i utdraga over om korleis skule heim samarbeidet der elevane ikkje alltid kjem forberedt også kan virke utfordrande.

#### 4.2.2. Utfordringar med tilrettelegging og ressursar

Korleis leiinga tilrettelegger for uteskule er også noko begge lærarane trekk fram, men dei vektlegger forskjellige områder. Informant 2 opplever støtte frå leiinga i tilrettelegging av timeplanen

Det er gjere sånne praktiske ting som det å skulle gå aleine med 14 stykk går faktisk ikkje ann. Også må også timeplanen praktisk må ligge til rette, men det har rektor vært veldig på at han vil gjere, sidan eg har uteskule og at eg har første klasse og ønsker å ha uteskule.

Men samtidig opplever ho at mangel på vaksne gjer det utfordrande fordi ein er nødt til å være fleire vaksne for å ha oversikt over alle elevane. «Eg vil jo helst bruke det (uteskule), men eg føler eg må være meir enn ein voksen om ein skal sjå på det sosiale aspektet for at ein skal ha tid til å ta tak i ting. Det er ikkje alt ein får med seg når ein er aleine.»

Informant 1 er einig med at leiinga spelar ei viktig rolle for at det skal være mogleg å gjennomføre uteskule, men fokuset hennar er i mindre grad på mangel på vaksne men meir på tidsaspektet og korleis budsjettet spelar ei rolle når ein skal kunne legge rette for uteskule

Det er det eg synest er litt dumt, vi har ikkje budsjett til vi kan sånn og sånn. Men så lenge skulen satsa på dette her og vil at dette her (uteskule) skal skje så er det lettare. Og visst eg får ein heil dag.. det er ikkje nok med to timar.

Informant 1 ønskjer helst å ha ein heil skuledag til rådighet for å gjennomføre uteskule. Men forutsetninga for dette er at leiinga tilrettelegger for dette gjennom korleis timeplanen er utforma med fag.


Informantane trekk fram korleis leiinga si støtte er viktig for å gjennomføre uteskule. Leiinga er med på å påverke både kor god tid ein får til å gjennomføre uteskule samt økonomi og budsjett og ressursar i form av vaksne.

På bilete 4 kan ein sjå ei oversikt over kva lærarane svarte i spørjeundersøkinga på spørsmål om dei har tilgang på gode ressursar i planlegging og gjennomføring av uteskule. Dei fleste



svarte at dei i stor grad opplever at dei har tilgang på gode ressursar, som til dømes kan være tilgang på materiell og utstyr eller at ein er nok vaksne til å gjennomføre uteskule. Det er 25% som har svart verken eller som både kan være at dei stiller seg nøytrale til påstanden eller at dei er litt usikre på kva dei skal svare.


**Har du tilgang på gode ressursar i planlegging og gjennomføring av uteskule? (til dømes tilgang på materiell eller nok vaksne til å kunne gjennomføre undervisningsopplegg)**



Figur 15. Oversikt over resultat i frå spørjeundersøkinga. Lærarane som deltok på spørjeundersøkinga svarte på om dei opplever at dei har god eller dårleg tilgang på ressursar ved gjennomføring av uteskule. 9% svarte at dei har i svært stor grad tilgang på ressursar, 56% svarte at dei har stor grad tilgang, 25 % svarte verken eller, og 9 % svarte at dei har i liten grad tilgang på ressursar. Det var ingen som svarte i svært liten grad.

I figur 14 står det beskrive korleis lærarane i spørjeundersøkinga opplever støtte i frå leiinga. Dei aller fleste svarte at dei opplever i svært stor grad støtte. Samanlikna med resultatet frå figur 13 opplever lærarar i større grad at dei får støtte i frå leiinga enn dei opplever å ha tilgang på utstyr.

**I kva grad følar du skuleleiinga støttar deg i å ta i bruk uteskule?**



Figur 16. Oversikt over resultat i frå spørjeundersøkinga. Lærarane svarte på om dei opplever at skuleleiinga støttar dei i å ta i bruk uteskule. 47% svarte at dei opplever svært stor grad av støtte, 41% svarte i stor grad, 9% verken eller, 3% i liten grad og ingen svarte i svært liten grad.

I spørjeundersøkingane er lærarane i større grad positive til tilrettelegginga dei opplever i frå leiinga. Ein av grunnane til dette kan være at lærarane som blir spurt i spørjeundersøkinga i fleire år har brukt uteskule eller at dei arbeider på skular der ein har tradisjon for undervisning utanfor klasserommet. Som informant 1 fortalte så opplever ho at rektor er positiv til at ho ynskjer å gjennomføre uteskule, men ho opplever til tider at det å skulle være nok vaksne i større grad er ein utfordring utanfor klasserommet. Læraren har dei yngste elevane og her treng ein nok vaksne for å ha oversikt: «Også er det klassesamansetningane, vi har ikkje hatt fysiske hindringar, det har ikkje vi, men det er nokre elevgrupper som er vanskelegare å gjere sånt med. Det kan oppstå uforutsigbare ting.»

Begge lærarane er engasjerte for og ynskjer å gjennomføre uteskule til tross for at dei opplever utfordrande faktorar. God tilretteledning frå leiinga er noko begge opplever som avgjerande i planlegging og gjennomføring av uteskule. I tillegg opplever dei at været kan gjere at elevane og dei sjølve i mindre grad er motiverte og engasjerte for uteskule.

Oppsummert er det lærarane opplever som utfordrande ved planlegging og gjennomføring av uteskule knytt til været og tilrettelegging av leiinga. Været er ikkje lett og kontrollere og dermed uforutsigbart og vanskeleg med tanke på planlegg. I tillegg opplever lærarane at elevane i mindre grad er motiverte for uteskule når været er dårleg. Den andre utfordrande faktoren er knytt til tilrettelegging av leiinga som handlar både om det økonomiske samt tilpassing av timeplan og korleis samarbeid med heimen er viktig i forhold til om elevane kjem forberedt til uteskule eller ikkje. Utfordringane eg har presentert i resultatkapittelet vil eg drøfte vidare i neste kapittel. Drøftinga av dei ulike utfordringane lærarane opplever kjem litt lengre nede. Først vil eg ta for meg drøfting rundt læringsutbytte før eg vidare tek for meg utfordringar.

## 5. Drøfting

I dette kapitlet tek eg for meg drøfting av resultatata frå spørjeundersøkinga og intervju. Sentral teori tidlegare presentert i teorikapitlet samt forskning blir presentert. I denne oppgåva har eg tatt for meg korleis uteskule kan brukast som læringsarena og gjennomført intervju og spørjeundersøkingar med lærarar på barnetrinnet. Gjennom intervju og spørjeundersøkingar har eg utforska korleis læringsutbytte kan omhandle både kognitive, sosiale, fysiske og affektive aspekter samt utfordringar lærarar opplever ved planlegging og gjennomføring av uteskule. Først vil eg presentere dei ulike læringsaspekta og gjere ein drøfting ut i frå forskningsspørsmåla og problemstillinga mi. Etterfølgande vil eg ta for meg metodediskusjon der eg tar for meg vala eg gjorde som tidlegare står skrevet i metodekapitlet og drøfter dette.

### 5.1 Kva type læringsutbytte vektlegg lærarar i utforming av uteundervisning?

I den første delen av drøftinga vil eg ta for meg forskningsspørsmål 1 som handlar om lærarars refleksjonar rundt læringsutbytte ved uteskule. Resultata er delt inn etter Frøyland og Remmen (2019, s. 48) sine definisjonar (tabell 2), der deira definisjonar i tabell 2 saman med min tolking av desse som også står beskrive er sentralt i drøftinga. Drøftinga vil ta for seg resultatata frå spørjeundersøkinga og intervju, som blir brukt som utgangspunkt i saman med sentral teori frå teorikapitlet.

#### 5.1.1. Affektivt utbytte

I intervjuet og spørjeundersøkinga svarte lærarane at dei opplever at elevane er positive og motiverte for uteskule. Dei som deltok i intervjuet sa at dei opplever at elevane får styrka sjølvbilete i form av meistring fordi dei opplever å sjå at å være god betyr ikkje nødvenigvis at ein er den som les raskast eller er best i gangetabellen. At elevane får sjå at det å være god å klatre er også ein styrke er med på å vise elevane at ein er god på forskjellige ting. Frøyland og Remmen (2019, ss. 48-49) beskriv også det affektive utbytte som noko som oppstår i stor grad ikkje planlagde situasjonar der elevane opplever kjensler ut i frå det som oppstår.

Eg vil i stor grad sei meg einig i at mykje av meistringa og dei positive kjenslene som oppstår i forhold til uteskule kan oppstå utan at ein har planlagt at det skal skje, men samtidig ønskjer eg å argumentere for at planlegging også kan lede til meistring og motivasjon hos elevar. Læraren si planlegging er viktig for at elevane skal oppleve meistring ettersom undervisninga ein planlegg må tilpassast elevane. Uteskule kan legge til rette for undervisning som er meir knytt til elevane.

Gjennom meir praktisk og verkelegheitsnær tilnærming er elevanes egne erfaringar meir sentrale. Frøyland og Remmen (2019) skriv i si bok om «Utvidet klasserom i naturfag» om korleis uteskule både legg til rette for erfaringsbasert læring, og korleis erfaringar er viktige for dybdelæringsprosessar. Sentralt for dybdelæring er at kunnskapen ein tileignar seg blir satt i samanheng der ein knyt saman teori og praksis (Frøyland & Remmen, 2019, s. 60). Lærarane eg intervjuar var også i stor grad opptatt av korleis gjennom ei aktiv rolle virkar meir motiverte og at dei opplevde meistring fordi undervisninga var lagt opp på ein annan måte enn i klasserommet. Elevar fekk vise styrkene sine gjennom at dei som ikkje er teoretisk sterke fekk vise fram praktiske kunnskapar.

Gjennom å gje elevane ei meir aktiv og sentral rolle kan ein gjerne skape meir motivasjon ettersom elevane i større grad lærer variert og tileignar seg kunnskap sjølv. Istadenfor at dei sit med bøker som forklarar naturfaglege fenomen kan dei sjå korleis ting fungerer i praksis. Uteskule byr på mange muligheiter, da gjerne spesielt i naturfag, der ein skal lære om fotosyntese, biologi, geofag, årstider osv.

På spørjeundersøkinga har lærarane svart at dei opplever at elevane er meir engasjerte utanfor klasserommet enn inne. 59% har svart i stor grad og 41% i svært stor grad. Engasjement handlar om elevanes haldningar til det som blir undervist og måten undervisninga er lagt opp. I ein studie gjennomført i Sverige har lærar blitt spurt om kva utbytte dei opplever ved bruk av uteskule (Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015). Her har lærarane svart at haldningane er viktige. Dei opplevde at visst elevane var motiverte og engasjerte for undervisninga så hadde dette effekt på både samarbeidet og det faglege utbyttet (Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015, s. 227).

Hos elevane som gjennomførte uteskule i Israel (Morag & Tal, 2012) var det flest elevar som hadde positive haldningar og opplevde motivasjon i forhold til undervisninga dei gjennomførte utanfor klasserommet. Forskarane såg ein forskjell i kva elevane frå dei ulike skulane svarte. Elevane frå den skulen som hadde stor tilgang på ressursar og var i større grad vant til denne typen undervisning var meir positive til uteskule enn dei som budde i fattigare strøk. Forskarane tenkte at dette kunne være pga av haldningane desse elevane hadde til nærmiljøet og naturen var annerleies enn hos dei som var meir ressurssterke. Lærarane eg intervjuar drøfta også rundt kva haldningar dei ynskja og fremje hos elevane. Ein av ynskja begge informantane hadde var at elevane skulle bli meir opptatt av å ta vare på nærmiljøet. Eit affektivt utbytte kan altså også handle om kva haldningar elevane har for naturen.

I Frøyland og Remmen sin definisjon av affektivt utbytte (2019, s. 48) er følelsar, verdiar og haldningane til elevane dei tre overliggende begrepa. Gjennom å fremje haldningar om natur og miljøbevisstheit kan elevane i større grad bli motiverte til å ta vare på nærmiljøet. Informant 1 snakka om korleis ho hadde eit ønskje om at hennar 1. og 2. klassingar skulle bli meir opptatt av respekt for naturen, men at ho var usikker på kor stor grad ho faktisk oppnådde dette. Eg tenker at uteskule bidrar til at elevane i større grad legg merke til naturen rundt seg og dermed også blir meir bevisst på korleis ein til dømes ikkje bør kaste søppel i naturen. Med eldre elever kan ein også ta i bruk uteskule som utgangspunkt til å drøfte meir kompliserte problemstillingar som energikjelder og forbruk.

### 5.1.2. Sosialt utbytte

Sosialt utbytte handlar om utvikling av sosiale ferdigheiter og er ein viktig faktor for å kunne ta del i undervisninga, samtidig som det er viktig for å seinare skulle ta del i samfunnet. Frøyland og Remmen (2019, s. 48) beskriv sosialt læringsutbytte som at elevane tek i bruk samarbeid til utvikle sosiale ferdigheiter og at desse ferdigheitene er med på å bidra til sosial utvikling. Informantane snakka om korleis uteskule som arbeidsarena legg til rette for samarbeid. Her spelar lærarane inn med at dei i planlegginga legg til rette for at alle elevane skal samarbeide til dømes gjennom gruppearbeid. Ikkje alt samarbeidet skjer ut i frå slike planlagte situasjonar og uteskule kan også brukast til at elevane får utfolde seg meir fritt og i desse frileik situasjonane kan også sosial utvikling og samarbeid oppstå.

Informant 2 trekk inn korleis det sosiale utbyttet gjerne er større for dei elevane som held på å lære seg det norske språket. Dette er enda meir sentralt i dagens samfunn ettersom det er krig mellom Russland og Ukraina og flyktningar som kjem til landet. Det sosiale utbyttet blir då enda viktigare ettersom elevane treng å lære seg norsk både for å kunne kommunisere med andre, men også for å kunne lære.

Studien gjennomført i Sverige (Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015) såg at elevane gjennom uteskule vart utfordra til å arbeide praktisk. Gjennom oppgåver der elevane måtte samarbeide såg forskarane at samarbeid hadde ein motiverande effekt, og at det affektive og sosiale var eit viktig utgangspunkt for læringsutbyttet ellers (Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015, s. 227). Elevane samarbeida for å tileigne seg fagleg kunnskap. I intervju med lærarane snakka informantane om korleis dei i planleggingsarbeidet legg til rette for samarbeid gjennom uteskule. I motsetning til når elevane arbeider individuelt vil dei gjennom samarbeidsoppgåver både ha eit sosialt utbytte, i tillegg til det kognitive.

Samarbeid er det informantane snakkar mest om i intervjuet knytta til det sosiale utbyttet av uteskule. Viktigheita av samarbeid kjem fram i korleis lærarane reflekterer over måten dei arbeider i planlegginga for å skape grupper som kan samarbeide godt, og korleis dei legg til rette for aktivitetar der elevane samarbeider mykje. I beskrivinga til Udir av dybdelæring står det at det er viktig at elevane er gode til både å arbeide individuelt og samarbeide: ««Dybdelæring i fag innebærer å anvende kunnskaper og ferdigheter på ulike måter, slik at elevene over tid kan mestre ulike typer faglige utfordringer individuelt og i samspill med andre» (Udir, 2021).» Både det å anvende kunnskap og ferdigheter på ulike måtar og samarbeid er noko ein kan legge til rette for i uteskule. Lærarane i intervjuet drøfter også korleis elevane leikar meir alle i lag når dei er ute, og informant 1 trekk fram at ho ser aktivitet utanfor klasserommet der elevane er aktive på ein annan måte enn inne.

### 5.1.3. Kognitivt/fagleg utbytte

Begge lærarane som blei intervjuja trakk linjer mellom det å jobbe utanfor klasserommet med det å arbeide praktisk. Dette beskriver Frøyland og Remmen (2019, s. 50) som heilt essensielt for naturfag fordi ein må handtere utstyr, jobbe med forsøk og forske. Både forskning og utforskande aktivitetar er noko som går igjen i kompetansemåla for naturfag (Udir, 2020). Informant 1 fortalte om korleis ho størst grad tek i bruk naturfag når ho gjennomfører uteskule. Eksempel ho gjer på dette er at dei ute har om artar, plantar og fornybare energikjelder. Informant 1 snakka om korleis dei lærer gjennom og gjere som er ein form for erfaringsbasert læring. Dewey sine læringsteoriar handlar i stor grad både om å arbeide aktivt med heile kroppen som ein kan få gjennom praktisk arbeid samt at det er viktig å arbeide på måtar der ein får erfaringar. Slik Dewey tenkte at elevar lærer er gjennom refleksjonar ein gjer seg etter ein erfaring. Enten bygger ein erfaringar som stemmer overeins med det ein har erfart tidlegare, eller så får ein erfaringar som gjer at ein må endre på tidlegare tankegong (Dewey, 2001, s. 61).

Tankar eg har gjort meg undervegs i arbeidet med denne oppgåva er at uteskule er ein arbeidsarena der elevane får ta meir aktiv del i undervisninga og at dei får brukt heile kroppen. Lærarane eg intervjuja snakka både om viktigheita av at elevane får arbeide med alle sansar på ein annan måte utanfor klasserommet en inne, samt korleis dei er meir aktive. Dette blir støtta av forskinga til Killengren et al. (Killengren, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 82) der ein av lærarane fortel :

Elevene får praktiske aktivitetar som vi kan knytte opp til teori senere. De som ikke er så teoretisk sterke får flere muligheter til å vise sin kompetanse når man har undervisning utenfor klasserommet.

Eg tenker at det er dei erfaringane dei får gjer at dei kan ta meir eigarskap til kunnskapen. I naturfag kan mykje av det dei skal lære følast fjernt til tider. Til dømes skal dei lære om bærekraft og viktigheita av å ta vare på planeten. Om dette blir introdusert som eit tema der det handlar om å redde verda så kan det følast stort og uhandterbart. Ved å bruke uteskule kan ein i større grad sjå korleis nærmiljøet blir påverka av til dømes forureining. Det kan gje

elevane meir eigarskap til at bærekraft kan også bety at ein må ta vare på naturen der ein bur.

I ein studie gjennomført i Nord-Norge (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023) har forskarane sett på utforminga av uteskule i eit klima som er litt annerleies enn på vestlandet. I undersøkinga blei lærarar som tek i bruk uteskule spurt om kva tema dei arbeider med. Resultata er presentert som ei ordsky der det som blei gjentatt oftast stod med størst bokstavar. Fagområdet som lærarane i denne studien tek mest i bruk gjennom uteskule er presentert i ein graf. Biologi er det området innan naturfag som heilt klart blir mest brukt (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 83). Fysikk og geologi er også nemnt men i mindre nivå, og bærekraft, kjemi og teknologi er med men i liten grad. Det at bærekraft er i så liten grad fremma av lærarane i denne studien tenker eg er eit overaskande funn. Lærarane eg intervjuar nemnte ikkje spesifikt bærekraft eller bærekraftig utvikling, men dei reflekterte rundt viktigheten av at elevane lærer seg å ta vare på naturen.

Lærarane eg intervjuar snakka om var at dei opplevde at elevane lærde seg det å ta vare på naturen og ha respekt for naturen gjennom uteskule. Respekt for naturen og miljøbevisstheit er punkt 1.5 av opplæringas verdigrunnlag i den overordnadelen av læreplanverket (Udir, 2021). Under dette punktet står det «Gjennom opplæringen skal elevene få kunnskap om og utvikle respekt for naturen. De skal få oppleve naturen og se den som en kilde til nytte, glede, helse og læring» (Udir, 2021). Det er altså sentralt i opplæringa til elevane at dei skal få oppleve naturen, samtidig som det er viktig at dei får kunnskapar og respekt til naturen.

Vidare under punkt 1.5. står det «Barn og unge skal håndtere dagens og morgendagens utfordringer, og vår felles framtid avhenger av at kommende generasjoner tar vare på kloden. Globale klimaendringer, forurensning og tap av biologisk mangfold er blant de største miljøtruslene i verden» (Udir, 2021). Viktigheita av å gje elevane naturopplevingar og lære dei å respektere nærmiljøet sitt er også sentralt i bærekraftig utvikling. Gabriel og Korsanger (2018) har gjennomført ein studie som forska på samanhengen mellom uteskule og undervisning for bærekraftig utvikling (UBU). Det dei fant ut gjennom lærarintervju var at lærarane var positive til uteskule i samanheng med UBU ettersom dei opplevde at elevane



fekk autentiske og konkrete opplevingar samt at dei opplevde affektiv påverking (Gabrielsen & Korsanger, 2018, s. 341). Lærarane i intervjuet fremja viktigheita av naturopplevingar i form av at naturopplevingane gjorde til at elevane ville gjere tiltak for å ta vare på nærmiljøet (Gabrielsen & Korsanger, 2018, s. 343). Uteskule er altså ein læringsarena som legg til rette for at elevar kan lære seg kunnskap om nærmiljøet og respekt for naturen som er veldig viktig i dagens samfunn.

Ved at elevane få ta meir aktiv del i det dei lærer kan dei få ei større rolle i det ein lærer og dermed kan det teoretiske også gje meir mening. Informant 2 opplever at elevane lærer av å gjere samtidig som dei lærer av å oppleve. Måten dei kan tek ei aktiv rolle på kan også være med på å påvirke det affektive utbyttet der meir aktivitet kan opplevast motiverande. Korleis elevane lærer kan føre til at dei ønskjer å lære meir som igjen kan påvirke det kognitive. Det å sjå samanhengar ut i frå egne erfaringar er også sentralt for dybdelæring som er fremja i den nye læreplanen der står det: «Dybdelæring i fag innebærer å anvende kunnskaper og ferdigheter på ulike måter, slik at elevene over tid kan mestre ulike typer faglige utfordringer individuelt og i samspill med andre» (Udir, 2021).

På spørjeundersøkinga var det flest lærarar som opplevde at elevane verken eller bruker mest tid på aktivitetar utenom det faglege. Grunnen til at dei svarte dette kan være at dei ikkje er sikre på kva dei skulle svare. Utanom dei som svarte verken eller var det flest som svarte at dei i stor grad opplever at elevane bruker meir tid på aktivitetar som ikkje har fagleg fokus. Ut i frå eit kognitivt/fagleg perspektiv kan ein sjå på dette som lite gunstig då elevane ikkje gjerne lærer like mykje utanfor klasserommet som inne. Men samtidig betyr ikkje at om ein ikkje har ein målrette fagleg aktivitet at elevane ikkje lærer noko. Når ein slepper elevane fri kan dei finne på mykje som ubevisst gjer dei fagleg kunnskap. At dei får styre seg fritt kan også være med på å bygge sjølvstendigheit som begge informantane var opptatt av.

Måten lærarane arbeider i planleggingsarbeidet kjem også fram gjennom intervjua. Læraren som arbeider på mellomtrinnet (informant 1) fortel om korleis ho brukar heile skuledagar der vanlege timar og friminutt utgår. Undervisninga blir gjennomført temabassert, der ein

har opplegg for dagen med frileik i mellom. Informant 2 beskriv tema ho jobbar med gjennom uteskule som begge er relatert til naturfag. Ho går ikkje så djupt inn på korleis ho koplar arbeid med papirvindmøller eller artar til fag, men innan desse tema er det mogleg å flette inn til dømes biologi, artskunnskap og fornybare energikjelder.

#### 5.1.4. Fysisk utbytte

Det fysiske utbyttet til elevane handlar om korleis dei er fysisk aktive gjennom uteskule og kva dette kan være med å fremje hos elevane. I intervju og spørjeundersøking svarte lærarane at dei opplever at elevane er meir fysisk aktive ved bruk av uteskule samanlikna med inne i klasserommet. På spørjeundersøkinga svarte alle lærarane enten at elevane er i svært stor grad meir fysisk aktive eller i stor grad meir fysisk aktive. Lærarane eg intervjuja var einige i at elevane er meir fysisk aktive og fokuserte både på auka aktivitetsnivå og viktigheita av at elevane fekk god kjennskap til eigen kropp og helse.

Informantane fortalte om korleis elevane gjennom uteskule er aktive både i forflytningar som til dømes når dei går tur til stranda eller naturleikeplassen der dei skal være, og i sjølve undervisninga. Informant 2 opplevde at elevane brukar heile kroppen i form av gåing, springing, hopping, klatring og kravling. Dei opplever at elevane inne i klasserommet sit mykje i ro på stolen, der dei ute er meir aktive. Lærarane svarte i intervjuet at fordelane ved at elevane er mindre inaktive og er meir i aktivitet både påverkar korleis dei blir kjent med eigen fysikk men også den fysiske helsa deira. Informant 1 opplever at elevane virker mindre trøtte å slitne og er meir kvikke når dei er ute. Ein positiv faktor ved å være i aktivitet er då at elevane gjennom å være ute er meir vakne, verker mindre trøtte. Dette kan igjen føre til at dei i større grad får med seg det som skjer å kan være med på å påverke det kognitive og faglege utbyttet.

Fysisk aktivitet gjennom uteskule kan variere ut i frå kva type uteskule det er snakk om. Turar i skog og fjell krev høg grad av aktivitet medan meir rolige turar som til dømes ein tur på stranda er gjerne mindre fysisk aktivt. Studien som blei gjennomført med mellomtrinnslevar i Israel (Morag & Tal, 2012) der elevane var på ekskursjonar til museum og parkar krev gjerne mindre fysisk aktivitet og har dermed eit mindre fysisk utbytte. Dette

stemmer overeins med resultatata frå studiet mesteparten av elevane svarte at dei ikkje oppnådde høg grad av fysisk aktivitet (Morag & Tal, 2012, s. 768).

Lærarane som eg intervjuar omtalte uteskule som ein form for ute-dag der dei går tur til nærområder som strand, fjell, skog eller naturleikeplassar. Denne formen for gjennomføring av uteskule er i tråd med den som forskarane som gjennomførte studie i Sverige (Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015) såg på. I denne studien gjennomførte lærarane turar i skogen der elevane skulle løyse oppgåver. Elevane arbeida i par for å svare på spørsmål og var i fysisk aktivitet gjennom heile undervisningsøkta (Ottander, Wilhelmson, & Lidestav, 2015, s. 222). I tillegg blei dei elevane som fullførte tidlegast bedt om å være i fysisk aktivitet gjennom frileik fram til alle andre hadde gjennomført aktiviteten. På denne måten var elevane i studien både i stor grad fysisk aktive samtidig som dei samarbeida i par som også verkar inn på det sosiale utbyttet.

Fysisk utbytte gjennom uteskule er i følge Frøyland og Remmen (2019, s. 48) når ein tek i bruk naturmiljø til å legge til rette for fysisk utfoldelse. Det å være fysisk aktiv er også med på å skape positive effektar på kropp og helse (Frøyland & Remmen, 2019, s. 48) som kan bidra til elevanes positive kjensler ovanfor uteskule. Gjennom å legge til rette for fysisk aktivitet der elevane tek i bruk både kroppane og sansane er ein også med på å skape ei heilheitlig undervisning der alle sansar er med på læringsprosessen. Dette er noko Dewey (2001, s. 55) sin pedagogikk med «Learning by doing and reflection» ansåg som veldig viktig. Måten kroppen og sansene blir tatt i bruk gjennom uteskule kan også være med på å hjelpe elevene og huske den kunnskapen dei tileigner seg samtidig som det kan skape ein motiverande faktor (2019, s. 48).

## 5.2. Kva utfordringar opplever lærarar i utforming og gjennomføring av uteundervisning?

Del 2 av drøftinga vil ta for seg utfordringar ved planlegging og gjennomføring av uteskule. Drøftinga i denne delen tar for seg forskingsspørsmål 2 og resultatata som blir lagt fram er knytt til læraranes refleksjonar rundt utfordringar ved uteskule samt resultatata frå spørjeundersøkinga. Uteskule byr på mange moglegheiter for læring men er også noko som

kan krevje mykje planlegging for lærarar og tilrettelegging frå leiinga. Samtidig er vær og årstider ein utfordrande faktor. Ut i frå resultata ser eg at det lærarane opplever som utfordrande er vær og tilrettelegging frå leiinga.

### 5.2.1. Været som utfordring ved bruk av uteskule

I resultata etter å ha analysert datamaterialet fant eg ut at det lærarane opplever som mest utfordrande ved gjennomføring av uteskule er at været skapar utfordringar. Å gjennomføre undervisning ute er ikkje lett når det regnar. Lærarane trakk fram at det ikkje går an å få elevane å stå å lytte til det du har å seie visst det regnar sidelengs. Dette har også Killengren et al. (2023, s. 88) funnet ut i sin studie gjennomført i Nord-Norge som er kjent for å ha eit vanskeleg klima då det ofte er snø og lange periodar med mørkt vær. Det studien dei gjennomførte retter fokus på er at læreplanen i naturfag fokuserer på områder innan biologi som ikkje passar med snø og vinter. Dette setter dei i eit kritisk lys ettersom læreplanen til dømes legg opp til at ein skal arbeide med faseovergangar og korleis vatn eksisterer både i fast, flytande og gassform.

I læreplanen for naturfag etter 7.trinn står det at elevane skal «bruke partikkelmodellen til å forklare faseovergangar og egenskapene til faste stoffer, væsker og gasser» (Udir, 2021). Det er mange måtar snø og vinter kan bidra til å skape gode læringssituasjonar der aggregattilstandane kan forklarast. Ein kan blant anna snakke om korleis snø blir danna og kvifor isen flyt på vatnet. Her er det rom for mykje fagbregrep og ein legg til rette for knaggar elevar kan henge kunnskapen sin på. Ved seinare anledningar kan ein ta opp igjen situasjonar ein har opplevd ved uteskule å seie til elevane til dømes «Huskar dokke når vi var ute på isen...?». På denne måten skapar ein eigne erfaringar som elevane kan ta med seg vidare.

I intervjuet reflekterer lærarane også over korleis elevane i mindre grad er motiverte for å gjennomføre uteskule når det er dårleg vær. Elevane er også gjerne ikkje forberedt for uteskule på slike dagar. Begge informantane fortel om korleis elevane ikkje har med nødvendig klær og utstyr til uteskule. Dette i form av mangel på regntøy eller at dei har dyre

fine klær som dei ikkje ønsker skal bli øydelagde. Her er det heim-skule samarbeidet som er viktig for at uteskule skal gjennomførast på ein måte som er motiverande for elevane. Ved at foreldre får nødvendig informasjon om utedagar kan dei tilretteleggje for at elevane har med seg nødvendig utstyr til alle typar vær. Dette har eg sjølv opplevd i praksis at ikkje alltid fungerer. Sjølv om foreldre får informasjonsskriv er det ikkje alltid elevane har med seg passande sko, jakker eller mat. Dette stemmer med det informantane fortalte og er med på å gjere planlegging og gjennomføring av uteskule meir utfordrande.

Været er ein utfordring det er vanskeleg og kontrollere. Nokre skuleår er prega av mykje dårleg vær medan andre gonger opplever ein lange perioder med fint vær. Ein av grunnane til at gjerne informantane eg intervjuar tok opp været fleire gonger er fordi dei er busatt og jobbar på Vestlandet. Slik som i Nord Noreg (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023) opplever informantane været som utfordrande i gjennomføring av uteskule ettersom det kan være lange periodar med dårleg vær. Vidare skal eg sjå på korleis økonomi, tid og ressursar også er viktige faktorar ved planlegging og gjennomføringa av uteskule der leiinga spelar ein viktig rolle.

### 5.2.2. Utfordringar knytt til økonomi, tid og ressursar ved gjennomføring av uteskule

I teorien eg har tatt for meg er tid til planlegging ein faktor lærarar har trekt fram som utfordrande (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 84). Lærarane her reflekterer over for lite tid til planlegging. Det eg har sett frå tidlegare forskning er at lærar i større grad føler dei må finne på nytt opplegg til kvar økt og at det i mindre grad er ferdige opplegg eller lærebøker ein kan ta utgangspunkt i. Både tid og ressursar blir framheva som utfordrande i studien gjennomført av Killengren et al. (2023, s. 84).

Lærarane eg spurte i undersøkinga svarte at dei i størst grad tek i bruk undervisningsopplegg som dei har opparbeida sjølve. Det at det er mindre tilgang på undervisningsopplegg knytt til uteskule og at lærarane i større grad må finne på ting sjølve eller tilpasse opplegg meint for klasserommet gjer gjerne at det tek lengre tid å planlegge. Her spelar også leiinga inn. Om ein jobbar på ein skule som prioriterer uteskule kan ein i større grad få støtte gjennom tid til planlegging. I tillegg til planleggingsarbeidet er det også viktig med tilrettelegging i form av

nok tid til å gjennomføre uteskule og at ein er nok vaksne. Dette kjem eg vidare inn på lengre nede.

Ein annan faktor som både lærarane eg intervjuar og dei som var med på studien som er gjennomført i Nord-Norge har svart er at tilrettelegging i frå leiinga er viktig i gjennomføring av uteskule. Slik Frøyland og Remmen (Frøyland & Remmen, 2019, s. 33) beskriver det er både tilpassing av timeplan og økonomi noko som er styrt ut ifrå leiinga. Skulane i Norge er styrt ut ifrå gratiskuleprinsippet. I følge Statsforvaltaren skal norsk skule: «Gratisprinsippet vil si at kommunen ikke kan kreve betaling fra elever eller foreldre for verken undervisningsmaterieell eller aktiviteter (faglige eller sosiale) som skjer i skoletida og i skolens regi, og som er en del av grunnskoleopplæringa i samsvar med opplæringslova og lovens forskrifter.»

(Statsforvalteren, 2016)

Skulen skal altså då ikkje krevje at foreldre må betale for at elevane skal kunne dra på turar. Det er budsjettet til skulen som styrer kor vidt ein drar på utflukter eller ikkje. Eg ønskjer å argumentere for at ikkje ein nødvendigvis treng store ressursar for å ta i bruk uteskuleundervisning. Mange skular har nærmiljø som har mykje moglegheiter. Til dømes kan ein bruke kongler, kvister, blomster, snø osv. Dette er heilt gratis å ta i bruk samtidig som ein ikkje forsøplar naturen. Ein kan studere planter eller utforske korleis høgdekurver i kart fungerer i verkelegheita med sand eller steinar. Det er veldig mange moglegheiter som ein kan ta i bruk utan at ein trenger eit stort budsjett.

Det som er interessant frå funna i resultata er at sjølv om lærarane i intervjuar opplever tilrettelegging frå leiinga og mangel på ressursar som noko av det dei trekk fram som mest utfordrande, så svarer lærarane i spørjeundersøkinga at dei er fornøgde med tilrettelegginga frå leiinga. På spørjeundersøkinga svarte 47% at dei opplevde i svært stor grad at leiinga støttar dei i tilrettelegging av uteskule og 41% svarte i stor grad.

I studier som har blitt gjennomført tidligare har lærarar blitt spurt om kva tilretteleggingar som kan gjere til at dei i større grad vil ta i bruk uteskule. Her har lærarane svart at dei ønskjer meir tid, meir ressursar og ein meir fleksibel læreplan (Killengreen, Lundberg, Jensvoll, & Höper, 2023, s. 87). Her har studiens formål vært å kartlegge utfordringar ved

uteskule, så svare på spørjeundersøkinga mi som er meir retta til lærarar som aktivt har brukt uteskule har gjerne ei anna vektlegging enn i studiet som fokuserer på utfordringar. Det er likevel interessant å sjå at lærarane eg intervjuar i stor grad opplever dei same utfordringar som lærarar i tidlegare studier.

## Metodedrøfting

I forhold til val av metode så prøvde eg å finne ein metode som best mogleg kunne hjelpe meg i å svare på forskingsspørsmåla mine. Undervegs i prosessen blei det gjort endringar på korleis forskingsspørsmåla blei formulert ettersom det var viktig å legge til rette for at det var mogleg å svare på spørsmåla eg stilte. Ein av utfordringane eg møtte på var at det ikkje var lett å formulere spørsmål til både spørjeundersøkinga og intervju samtidig som eg skulle passe på at svara eg fekk stemte overeins med kvarandre. Hadde eg kunne gått tilbake hadde eg gjort nokre endringar og til dømes stilt spørsmål i undersøkinga som «I kva grad opplever du været som en utfordring ved bruk av uteskule?».

Eg har også reflektert over i ettertid at eg kunne stilt fleire spørsmål rundt det kognitive/faglige utbyttet ved uteskule som til dømes «jobbar dokke med opplegget frå uteskule i ettertid?» eller «har dokke før/etterarbeid knytta til uteskule?». Det er ikkje sikkert lærarane ville reflektert så veldig over det kognitive utbyttet, men det er muligens nokre element eg kunne trekt ut av spørsmåla dei svarte på.

I tillegg skulle eg hatt spørsmål knytta bedre til det sosiale aspektet i spørjeundersøkinga. Spørsmålet eg valte å stille handla om klassemiljø som er med på å beskrive viktige faktorar av det sosiale i kvardagen til elevane, men eg følte ikkje heilt at det passa så godt overeins med svara eg fekk i intervjuar.

Eit tema som eg i større grad har blitt kjent med gjennom arbeid med denne oppgåva er dybdelæring. Dybdelæring og erfaringsbasert læring har fleire fellestrekk og måten praktisk og aktiv undervisning legg til rette for dybdelæring er ein måte å argumentere for uteskule. Skulle eg skrive denne oppgåva med utgangspunkt i det eg veit no ville eg sett uteskule i lys av dybdelæring og korleis uteskule legg til rette for kunnskap der utforsking og erfaringar er sentralt.

## 6. Oppsummering

I denne studien har eg kombinert kvalitativ metode med kvantitativ for å undersøke læringsutbyttet ved uteskule og utfordringar lærarar opplever ved planlegging og gjennomføring av undervisning utanfor klasserommet. Oppgåva tar for seg ulike former for læringsutbytte ved uteskule og ser på korleis undervisning i nærmiljøet kan bidra til læring både affektivt, sosial, kognitivt og fysisk. I tillegg har eg spurt lærarar gjennom spørjeundersøking og intervju om utfordrande faktorar i planleggingsarbeidet og tilrettelegginga av uteskule.

Først vil eg ta for med læringsutbytte og kva funn eg har hatt i studien. Dei to hovudfunna mine er knytt til korleis erfaringsbasert læring og praktisk undervisning kan tilrettelegge for dybdelæring, samt korleis uteskule kan bidra til natur og miljøbevisheit blant elevar i barneskulen. Avslutningsvis vil eg ta for med utfordringar og kva lærarar har svart dei opplever som utfordrande. Desse funna er med på å opplyse om kva ein må ta hensyn til når ein skal tilretteleggje for uteskule og kan være nyttig for lærarar som tenker på å gjennomføre uteskule.

### 6.1 Erfaringsbasert læring som utgangspunkt for dybdelæring gjennom uteskule

I forskingsspørsmål 1 var hensikta å finne ut kva læringsutbytte elevane har av uteskule. For å undersøke dette valt eg å sjå på korleis uteskule kan bidra til ulike typar læring for å inkludere fleire faktorar som til dømes samarbeid og motivasjon. Det eg har funne ut gjennom spørjeundersøkingar og intervju er at lærarar opplever at elevane er motiverte og engasjerte for uteskule og at undervisninga legg til rette for samarbeid. Gjennom at elevane er engasjerte for å arbeide kan ein legge til rette for at dei lærer. Lærarane eg spurte var i størst grad positive til uteskule fordi det er ein undervisningsform der elevane får arbeide praktisk og aktivt tek del i undervisninga.

Gjennom litteraturen eg har tatt for meg har eg sett at slik erfaringsbasert og aktiv undervisning er ein viktig faktor for å legge til rette for dybdelæringsprosessar (Kolstø, Thorsheim, & Andresen, 2016, s. 9). Dybdelæring handlar om at ein skal tileigne seg kunnskap ved hjelp av ulike arbeidsmetodar og at desse metodane er med på at kunnskapen bidrar til å sjå samanhengar. Udir definerer uteskule som «...det å gradvis utvikle kunnskap



og varig forståelse av begreper, metoder og sammenhenger i fag og mellom fagområder» (Udir, 2019). I arbeid med denne oppgåva har eg i større grad sett at læringa som skjer utanfor klasserommet kan gje elevane erfaringar som kan brukast som «knaggar» til å feste kunnskapen på. Aktivitetar og undervisningsopplegg ein har utanfor klasserommet kan kombinerast med klasseromsundervisning og kan legge til rette for at ein i større grad kan kople saman teoretisk og praktisk kunnskap.

## 6.2. Natur og miljøbevisste elevar gjennom uteskule

Det andre funnet knytt til den første forskings spørsmålet mitt kring læringsutbytte ved uteskule handlar om å skape elevar som er opptatt av å ta vare på nærmiljøet sitt. På lik linje som ved dybdelæring legg erfaringsbasert og praktisk undervisning til rette for at elevane skal bli meir engasjert i undervisninga. I beskrivinga av naturfag står det: «Faget skal bidra til at elevene får naturopplevelser og et faglig grunnlag for å verne om naturressurser, bevare biologisk mangfold og bidra til en bærekraftig utvikling» (Udir, 2021). Gjennom uteskule legg ein til rette for naturopplevingar som igjen kan bidra til at elevane får ein bevisshet ovanfor naturen og nærmiljøet sitt.

Eg vel å inkludere dette funnet ettersom det er eit samfunnsproblem vi står ovanfor. Med klimaendringar er det viktig at ein som lærar er med på å skape undervisning som er med på å fremme miljøbevisshet. Gjennom uteskule kan elevane får ei tilknytning til kunnskapen i større grad enn visst ein presenterer klimakrisa som eit globalt fenomen. Med meir aktiv rolle i undervisninga kan kunnskapen i større grad være tilpassa elevane som er eit viktig utgangspunkt for læring. Lærarane eg snakka med opplevde at dette kunne ein legge til rette for gjennom turar i nærmiljøet enten ein gjekk turar i skog og mark, ein tur i fjæra eller på gardsbesøk.

Natur og miljøbevisshet er altså noko lærarane eg har intervjuet framhevar som viktig. Dette er også viktig ettersom dagens samfunn er i endring og at elever er opptatt av naturen er viktig for å ta til seg kunnskap om korleis vi står ovanfor globale utfordringar med tanke på klimaendringar.

## 6.2. utfordringar i tilrettelegging for uteskule

Det andre forskingsspørsmålet mitt handla om kva utfordringar lærarar opplever ved planlegging og gjennomføring av uteskule. Her er dei to hovudfunna været og tilrettelegging frå leiinga.

Det norske klimaet kan være utfordrande da særleg vinterhalvåret. Gjennomføring av uteskule når det regnar, blæs eller snøar er mindre motiverande for både vaksne og elevar. Lærarane eg intervjuar fortalte om at elevane ikkje alltid kjem godt forberedt til uteskule på sånne dagar og dermed blir uteskule vanskeleg å gjennomføre.

Den andre faktoren var tilrettelegging i forhold til tid og ressursar. Begge lærarane ønska å ha ein heil dag til rådighet for uteskule for å drive temabasert undervisning. Både det å kunne tilpasse fag med timeplan og ha tilgang på nok vaksne blir nemnt. Tilgang på vaksne er viktig for å gjere uteskule sikkert å gjennomføre samt ein er gjerne på eit større område der det trengs fleire. Lærarane er sjølve motiverte for uteskule til tross for at det gjerne i større grad krev planlegging både frå dei og leiinga.

## 6.3. Avslutting og forslag til vidare forskning

Som eg er inne på i metodedrøftinga så er det eg kunne tenkt meg å forske vidare på korleis uteskule og dybdelæring heng saman. Gjennom arbeid med denne masteroppgåva har eg sett at argument som går igjen for å utvide klasserommet handlar om at undervisninga er praktisk, aktiv og utforskande der elevane tek ein aktiv del i eiga læring. Dette er mykje av det som er kjenneteikn for dybdelæring. Å sjå samanhengar mellom uteskule og dybdelæring er ein måte å argumentere for uteskule. Forsking på dybdelæring er også med på å fremje aktiv læring ettersom dette er ein læringsprosess som er blitt meir sentralt i den nye læreplanen og dermed gjerne ikkje forska på i stor grad per dags dato. Eg ser fram til hausten når eg skal byrje i arbeid som grunnskulelærer og målsetninga mi er å ta i bruk uteskule og aktiv undervisning der elevane får erfaringar som kan brukast både i og utanfor klasserommet.

## Bibliografi

- Dewey, J. (2001). Om utdanning. I *Erfaring og tenking* (ss. 53-66). Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Frøyland, M., & Remmen, K. B. (2019). *Utvidet klasserom i naturfag*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gabrielsen, A., & Korsanger, M. (2018, Vol.14 issue 4). Nærmiljø som læringsarena i undervisning for bærekraftig utvikling. *NorDiNa*, ss. 335-349.
- Jordet, A. N. (2010). *Klasserommet utenfor*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Killengreen, S., Lundberg, H., Jensvoll, I., & Höper, J. (2023, Mars 30). Naturfag utenfor klasserommet fra et Nordnorsk perspektiv. *Nordina*, ss. 78-96.
- Kolstø, S., Thorsheim, F., & Andresen, M. (2016). *Erfaringsbasert læring*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2018, Juni 26). *Forny innholdet i skolen*. Henta frå Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/regjeringen-solberg/aktuelt-regjeringen-solberg/kd/pressemedinger/2018/forny-innholdet-i-skolen/id2606028/?expand=factbox2606066>
- Morag, O., & Tal, T. (2012, Mars 5). Assessing Learning in the Outdoors with the Field Trip in Natural Environments (FiNE) Framework. *International Journal of Science Education*, ss. 745-777.
- Ottander, C., Wilhelmson, B., & Lidestav, G. (2015, September). Teachers' Intentions for Outdoor Learning: A Characterisation of Teachers' Objectives and Actions. *International Journal of Learning, Teaching and Educational Research*, ss. 208-230.
- Postholm, M., & Jacobsen, D. (2018). *Forskningsmetode for masterstudenter i lærerutdanning*. Oslo: Cappelen Damm.
- Statsforvalteren. (2016, august 29). *Statsforvalteren.no*. Henta frå Gratisprinsippet i skolen: <https://www.statsforvalteren.no/portal/nyheter/2016/08/gratisprinsippet-i-skolen/>
- Udir. (2019, mars 13). *Dybdelæring*. Henta frå Udir: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/dybdelaring/>
- Udir. (2019, mars 13). *Utdanningsdirektoratet*. Henta frå Dybdelæring: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/dybdelaring/>

Udir. (2020, August 1). *Kompetansemål og vurdering* . Henta frå Udir:

<https://www.udir.no/lk20/nat01-04/kompetansemaal-og-vurdering/kv79>

Udir. (2021, Mai 3). *Overordnet del av læreplanen*. Henta frå

<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/1.5-respekt-for-naturen-og-miljobevissthet/>

Udir. (2021, Mai 3). *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Henta frå

<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>

## Vedlegg

### Vedlegg 1: Informasjonsskriv til intervjudeltakerne

# **Vil du delta i forskingsprosjektet:**

## ***Læring utanfor klasserommet.***

## ***Naturfaglærarars erfaringar med uteskule***

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å undersøke korleis du som naturfaglærer utformar undervisning utanfor klasserommet. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

### **Føremål**

Eg er no igang med avsluttinga av mitt 5-årige grunnskulelærerutdanning 1.-7. trinn ved Høgskulen på Vestlandet. Eg skal i denne samanheng skrive ei masteroppgåve innan naturfagdidaktikk. Eg har valt temaet uteskule, og vil ta for meg samanhengen mellom undervisning i nærmiljøet og læringsutbyttet til elevane gjennom lærarars erfaringar. Etter den nye læreplanen har det blitt lagt vekt på at elevane skal ha respekt for naturen, jobbe utforskande og ta i bruk kroppen og sansane når dei arbeider. Som framtidig lærar ynskjer eg å få større innsikt i korleis eg kan ta i bruk nærmiljøet som læringsarena. Eg ynskjer å utvikle ein djupare forståing av korleis uteskule kan utvikle elevane, då både knytt til det faglege, sosiale og fremming av fysisk og psykisk helse.

I masteroppgåva har eg utvikla problemstillinga som oppgåva skal ta utgangspunkt i:

- Korleis planlegg naturfaglærarar uteskule for å fremme elevars læring?

### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Masteroppgåva skriv eg i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, under Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett, og min rettleiar Yuko Kamisaka ved Institutt for idrett, kosthald og naturfag er ansvarleg for prosjektet.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

I oppgåva har eg tenkt og nytte meg av eit kvalitativt forskingsintervju. Eg ynskjer og intervjuer to eller tre naturfaglærarar som underviser på barneskulen som har erfaring med uteskule som læringsarena. Ut i frå dette ynskjer eg å invitere lærarar til min studie som sitter med kunnskap om bruk av uteskule. Kunnskapane og erfaringane dine er verdifulle og kan bidra til meir fokus på uteskule, og forbetre masteroppgåva mi. Informasjon om dine kontaktopplysningar har eg fått gjennom mail frå rektor på din skule når eg sendte ut henvending om moglege informantar til mi forskning.

### **Kva inneber det for deg å delta?**

Dersom du vel å delta i mitt studie, vil dette innebere eit intervju. Intervjuet som blir gjennomført av meg vil ta omtrent ca. 30 min. Spørsmåla du blir stilt har relevans til temaet uteskule og baserer seg på dine erfaringar. Eg vil stille spørsmål om korleis du planlegg når du skal ta i bruk uteskule og kva aspekt av elevars læring du legg vekt på i planlegginga. Det vil bli tatt i bruk ein lydopptakar under intervjuet. Dette er for å kunne presentere intervjuet/samtala korrekt i oppgåva. Lydopptaka vil berre bli brukt til transkribering og i samanheng med oppgåva, og ingen andre stadar.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysningane dine**

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Altså dei einaste som har tilgang til dine personopplysningar er meg og min rettleiar. Lydfilene og eventuelle notat eg gjer meg undervegs vil bli transkribert og brukt i oppgåva. I oppgåva vil alle opplysningane dine bli anonymisert og alle dine identifiserande personopplysningar blir fjerna. Dette er fordi teksten skal på ingen måte kunne sporast til verken deg, skulen du arbeider på eller elevane dine. Alle data vil bli lagra på ein sikker måte. Oppsummert vil alle opplysningar bli behandla konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Dette

betyr at du som lærar, skulen din og elevane dine ikkje vil kunne gjenkjennast i den endelege oppgåva.

### **Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysingane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er i løpet av juni2023. Dette betyr at når mi masteroppgåve er godkjend vil alle lydopptak slettast og transkriberingar og notata bli sletta. Informasjonsskrivet vil bli makulert.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg? Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.**

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har Personverntjenestar vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande
- å få sletta personopplysingar om deg til ein kvar tid
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med Høgskulen på Vestlandet ved:

- Rettleiar, Yuko Kamisaka, E-post: [yuko.kamisaka@hvl.no](mailto:yuko.kamisaka@hvl.no), Tlf: 93208279
- Student, Sofie Hagevik Nigardsøy, E-post: [574562@stud.hvl.no](mailto:574562@stud.hvl.no), Tlf: 90085140
- Vårt personvernombod: Trine Anikken Larsen, E-post: [Trine.Anikken.Larsen@hvl.no](mailto:Trine.Anikken.Larsen@hvl.no)

Dersom du har spørsmål knytt til Personverntjenester si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- Personverntjenester, på e-post ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller på telefon: 53 21 15 00.

Venleg helsing

*Yuko Kamisaka*

*Sofie Hagevik Nigardsøy*

(Forskar/rettleiar)

(student)

---

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Læring utanfor klasserommet. Naturfaglærarar erfaring med uteskule* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

å delta i intervju, og data blir brukt i masteroppgåva.

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)



## Vedlegg 2. Intervjuguide til lærerar:

### Introduksjon

- Velkommen
- Informasjon: intervju med fokus på kva læringsutbytte barneskuleelevar har av uteskule.
- Avklare at informanten kan trekkje seg til ein kvar tid utan å måtte grunngje kvifor ein ønskjer å trekke seg.
- Informere om bruk av lydopptak og informantens anonymitet.
- Presisere korleis data blir lagra på ein forsvarleg måte og taushetsplikt.
- Spørsmål?

### Innleiing/bakgrunn

- Kva utdanning har du?
- Kor lenge har du arbeida som lærar, og kor mange år har du vært på denne skulen?
- Korleis vil du definere uteskule?
- Kor lenge har du tatt i bruk uteskule?
- I kva fag brukar du uteskule?
- Kan du huske kva din motivasjon var for å ta det i bruk første gangen?

### Hovuddel

- Korleis tenker du elevane drar nytte av uteskule?
- Kva er di målsetning ved bruk av uteskule?
- Kan du beskrive læringsresultatet i uteskule? Oppstår læringa ut i frå planlagt undervisningsopplegg og/eller spontane situasjonar?
- Opplever du at elevane er interesserte/motiverte for uteskule?
- Korleis arbeider du for å skape inkluderande læringssituasjonar ved uteskule?
- Korleis vil du definere sosial læring?

- I kva grad tenker du uteskule kan bidra til sosial læring?
- Tenker du elevane er meir fysisk aktive ved uteskule samanlikna med tradisjonell klasseromsundervsining? Kvifor/kvifor ikkje?

### **Avslutting**

- Kva utfordringar opplever du ved bruk av uteskule?
- Om du skal trekke fram ein eller to hovudpunkt: Kva nytteverdi har uteskule?
- Vil du bruke uteskule i større, mindre eller lik grad framover?
- Er det noko du vil korrigere eller legge til avslutningsvis?

### Vedlegg 3: Spørsmål til spørreundersøking

1. Kvar underviser du?
2. Kva trinn underviser du?
3. Kva fag underviser du i?
4. I kva fag tek du i bruk uteskule?
5. Kor ofte tek du i bruk uteskule?
6. Kvar gjennomfører du uteskule?
7. Har du tilgang på gode ressursar i planlegging og gjennomføring av uteskule? (til dømes tilgang på materiell eller nok voksne til å kunne gjennomføre undervisningsopplegg)
8. I kva grad følar du skuleleiinga støttar deg i å ta i bruk uteskule?
9. Kvar hentar du inspirasjon når du planlegg uteskule?
10. Brukar du mykje tid når du planlegg uteundervisning samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning?
11. Kvar underviser du?
12. Kva trinn underviser du?
13. Kva fag underviser du i?
14. I kva fag tek du i bruk uteskule?
15. Kor ofte tek du i bruk uteskule?
16. Kvar gjennomfører du uteskule?

17. Har du tilgang på gode ressursar i planlegging og gjennomføring av uteskule? (til dømes tilgang på materiell eller nok voksne til å kunne gjennomføre undervisningsopplegg)
18. I kva grad følar du skuleleiinga støttar deg i å ta i bruk uteskule?
19. Kvar hentar du inspirasjon når du planlegg uteskule
20. Brukar du mykje tid når du planlegg uteundervisning samanlikna med tradisjonell klasseromsundervisning?

**Påstandar**

21. Elevane er engasjerte når vi har uteskule. (samanlikna med tradisjonell klasseroms undervisning)
22. Eg opplever at elevane får med seg det faglige innhaldet ved bruk av uteskule
23. Eg opplever at bruk av uteskule påvirker klassemiljøet på en positiv måte
24. Ved gjennomføring av uteskule er elevane meir fysisk aktive enn i klasserommet
25. Ved uteskule brukar vi meir tid på leik og aktivitetar utan faglig fokus.
26. Elevane arbeider praktisk og utforskande når vi har uteskule
27. Elevane er engasjerte når vi har uteskule. (samanlikna med tradisjonell klasseroms undervisning)
28. Eg opplever at elevane får med seg det faglige innhaldet ved bruk av uteskule
29. Eg opplever at bruk av uteskule påvirker klassemiljøet på en positiv måte
30. Ved gjennomføring av uteskule er elevane meir fysisk aktive enn i klasserommet
31. Ved uteskule brukar vi meir tid på leik og aktivitetar utan faglig fokus.
32. Elevane arbeider praktisk og utforskande når vi har uteskule